# Årsmelding Noregs Mållag

2007-2008

NOREGS MÅLLAG | *Mange røyster – felles mål*

Form: Erik Bolstad
Sats: Kjartan Helleve
Grafiske element: Øystein Vidnes
Tykk: Arkan kopi og digitaltrykk

# Innhald


Føreord 4
Leiar 5

*Målpolitiske arbeidsfelt*

**Nynorsk oppvekst** 7
- Barnehage 7
- Grunnskule 7
- Parallellklassane 8
- Skulemålsrøystingar 07-08 8
- Ungdomskulen/vgs 9
- Sidemålsarbeid i Oslo 9
- Nynorskopplæring for vaksne innvandrarar 10
- Læremiddel 11

**Media og informasjonsteknologi** 11
- Riksavisene 11
- Region- og lokalavisene 12
- Vekeblada 12
- Fjernsyn 12
- NRK Super 12
- Nyhendebyråa 12
- Programvare 12
- Språkteknologi 13
- Internett 14
- Mediemållaget 30 år 14
- Reklame 14

**Næringsliv** 14
- Næringslivspris 14

**Samarbeid med andre org.** 14
**Kultur og kulturpolitikk** 14
- Litteratur 15
- Nynorske festivalar 15
- Jubileum 15
- Kulturbygg 16
- Scenekunst 16

**Offentleg målpolitikk og målbruk** 16
**Talemål og skriftmål** 16
**Internasjonalt arbeid** 16

*Samskipnaden*

**Lag og medlemer** 17
- Lokallag, fylkeslag og yrkesmållag 17
- Studiearbeid og leiartrening 18
- Medlemsregister 18
- Haustseminar 2008 19
- Vervekampanje 19
- Stand-pakke 19
- Landsmøtet 19

**Informasjons- og mediearbeid** 19
- Mediedekking på LM 20
- Norsk Tidend 20
- Heimesidene 21
- Pressemeldingar 22
- Debattinnlegg 22
- Presseoppslag 22

*Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde*

Heiderslagsmedlemer 25
Styret og arbeidsutvalet 25
Landsrådet 25
Valnemnda 25
Skrivarstova 26
Nemnder og utval 26
Reiseverksemda 27

*Økonomi*

Økonomiarbeidet 30
Rekneskap 33
Balanse 34
Fondet for norsk målreising 35
Inga og Gjøa Lutros legat 37
Kulturlotteriet 37
Revisormeldingar 38

*Norsk Målungdom*

Melding frå arbeidsåret 40
Medlemstal og lokallag 57

*Nærskylde tiltak*

Dag og Tid 41
Det Norske Samlaget 41
Det Norske Teatret 42
Folkekulturforbundet 42
Kringkastingsringen 42
Landsamanslutninga av nynorskkommunar 42
Magasinett 43
Noregs Ungdomslag 43
Norsk Barneblad 43
Norske Lagsbruk 44
Nynorsk kultursentrum 44
Nynorsk mediesenter 45
Stiftinga NPK 46
Stiftinga Pirion 46

*Vedlegg og statistikk*

Nynorsk skulemål 1930-2007 47
Skulemålet i alle fylka 48
Skulemålsrøystingar 1992-2007 49
Lag og medlemstal 51

# Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2007/2008 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 10. mars 2007 – 14. mars 2008. Dei siste vekene fram til landsmøtet vert oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2007. Sjukefråveret har vore 34 dagsverk, noko som utgjer 2,4 prosent. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag fylgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2007 gjekk med overskot, og grunnlaget for drifta i åra som kjem, er det beste.

Landsmøtet i 2005 vedtok eit treårig arbeidsprogram for 2005 – 2008 og årsmeldinga fylgjer kvart år oppbygginga i arbeidsprogrammet. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar likevel noko av det arbeidet lokal- og fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag om arbeidet sitt til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllande rapporten om norsk målstrid og målreising som vert utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interesant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Oslo, 9. mars 2008

Hege Myklebust (leiar) Åsmund Lien (nestleiar) Morten Søberg Berit Rekve
Jon Todal Aud Søyland Jens Kihl Helge André Njåstad (1. vara)
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)




***Styret i Noregs Mållag 2007-2008.*** *Frå venstre: Berit Rekve, Åsmund Lien (nestleiar), Aud Søyland, Jens Kihl, Hege Myklebust (leiar), Helge Andre Njaastad (1.vara), Jon Todal, og Morten Søberg.*

# Leiar

Året me har bak oss har hatt nynorsk i skulen i sentrum. Utfordringane har vore mange, men jammen kan me telja nokre sigrar og positive opplevingar òg.

Det er vanskeleg å vita kva adjektiv ein skal bruka for å skildra det faktumet at det på 34 år enno aldri har kome ein haust der alle lærebøkene er ferdige på nynorsk og bokmål til same tid og i tide til skulestart. Når me no er midt i den treårsperioden der den nye læreplanen skal innførast, er problemet større enn før, fordi så mange bøker er nye. Etter ein dårleg haust i 2006 var Mållaget og Målungdomen raskt ute med å be om møte med dåverande statsråd Øystein Djupedal og ta problemet opp med han. Han viste svært lite forståing for problemet, og meinte at såpass måtte ein tola for å få på plass den viktige nye læreplanen. Det er gledeleg å registrera at den nye Kunnskapsministeren Bård Vegar Solhjell ser ut til å ha ei større forståing for problematikken, og har varsla dagbøter til forlag som ikkje oppfyller plikta til å levera læremiddel i rett tid.

Mållaget og Målungdomen arbeidde mykje opp mot både direktoratet og fylkeskommunane for å førebyggja problemet hausten 2007, men igjen var det altså stor mangel på lærebøker på nynorsk. Det verste er at problemet no òg breidde seg langt ned i barneskulen. Norsk Målungdom avgjorde raskt at nok var nok, og tromma på kort tid saman til elevstreikar over heile landet, og Noregs Mållag støtta opp ved å laga til underskriftsaksjonar og pressemeldingar til støtte for kravet om nynorske læremiddel. Aksjonane fekk mykje merksemd, men bøkene var like fråverande.

Det er ikkje berre mangel på læremiddel som utgjer problema til nynorsken i skulen. Over heile landet opplever elevar at grupper med nynorsk- og bokmålselevar blir slått saman, òg i timar med skriftlege fag. Nynorskklassar vert lagde ned etter systematisk motarbeiding frå rektor eller lærarar, nynorskelevar på både barne- og ungdomssteget får mangelfull undervisning, og sidemålsundervisninga er mange stader under ein kvar kritikk. I oktober samla me ei gruppe elevar, foreldre og lærarar som opplever desse problema på kroppen, til open høyring i Stortinget. Dit kom òg stortingsrepresentantar frå både opposisjonen og regjeringspartia, toppleiinga i Utdanningsdirektoratet og frå fleire fylkeskommunar, og interesserte frå mange sentrale nynorskinstitusjonar. Dei som fortalde sine historier opplevde å bli lytta til, og politikarar frå fleire fløyer lova å gjera ein innsats for å betra stoda. Det beste av alt var at når desse mange individuelt opplevde situasjonane vart sette saman på denne måten, var det tydeleg for kven som helst at undertrykkinga av nynorsk i skulen er systematisk og umogleg å oversjå.

Månaden etter kom endeleg forskingsrapporten frå NIFU STEP, som evaluerte forsøket som Oslo kommune hadde gjennomført over tre år, der eit heilt kull på ni vidaregåande skular hadde hatt fritak frå skriftleg sidemål. Høgrebyrådet som stod bak forsøket, var raskt ute med å kalla det ein suksess, og varsla at dei ville søkja om eit utvida forsøk der alle dei vidaregåande skulane i Oslo var med. Byrådsleiar Erling Lae møtte landsrådet til debatt om saka tidleg i desember, og var klar i sin konklusjon trass i at han ikkje hadde lese rapporten frå NIFU STEP. Då forskingsleiar Nils Vibe la fram resultata frå kultur- og utdanningskomiteen i Oslo, gjorde han det klårt at rapporten ikkje gjev grunnlag for å endra norsk språkpolitikk, sjølv om rapporten påviser ei lita betring i hovudmålskarakteren for dei elevane som gjekk på forsøksskulane. Dei andre målsetnadene vart ikkje oppfylte etter forsøket.

Noregs Mållag og Norsk Målungdom arbeidde målretta for å få opposisjonen i komiteen til å gå inn for eit alternativt framlegg, nemleg å vedta å styrkja sidemålsopplæringa i staden for å gje fritak. Dette lukkast me med, og det var ein siger for nynorsken då Khalid Mahmood, Arbeidarpartiets utdanningspolitiske talsmann i Oslo, gjekk ut og sa at det ikkje var aktuelt for partiet å stø utviding av forsøket. No har både kultur- og utdanningskomiteen, og deretter bystyret i Oslo gjort vedtak om at sidemålsopplæringa i Oslo skal styrkast. Det blir svært viktig å halda trykket oppe frametter, slik at det ikkje blir mogleg for byrådet å trenera saka, men at gode tiltak faktisk blir sett i verk.

Opplæring i nynorsk for innvandrarar har i mange år vore ei viktig sak for Mållaget, sjølv om framstega har vore små. For innvandrarar som bur i nynorskkommunar har det vore vanskeleg at all norskopplæringa dei får er på bokmål, medan ungane deira lærer nynorsk på skulen, og både dialekten og lokalsamfunnet elles gjerne er prega av nynorsk. Etter kvart har likevel fleire kommunar byrja å tilby innvandrarar opplæring på nynorsk. Likevel har det vore problematisk at den såkalla bergenstesten, språktesten som dokumenterer norskkunnskapar gode nok til å studera ved universitetet eller få jobb i det offentlege, berre har funnest på bokmål. Denne saka sette me fokus på kring landsmøtetider i fjor, saman med Arvind Thattai frå Sri Lanka, som gjerne ville ta testen på nynorsk men ikkje fekk høve til det. Det er svært gledeleg å sjå at den ferske forskingsministeren Tora Aasland no har lova å finansiera ei omsetjing av testen til nynorsk.

Alt i alt har dette vore eit godt år for nynorsk i skulen, og det er svært gledeleg å registrera alt det gode arbeidet som lokallaga våre driv, og som legg grunnlag for vidare framgang for nynorsk både i skulen og elles i samfunnet.



# Målpolitiske arbeidsfelt

## *Nynorsk oppvekst*

**BARNEHAGE** Dei siste ti åra har barnehagen meir og meir vorten rekna som *lærestad*. Tidlegare sokna barnehagane under kommunaldepartementet, medan det no er kunnskapsdepartementet som har ansvaret for mellom anna innhaldet i barnehagane. Det vert lagt vinn på at barnehagane skal vera ei førebuing til lese- og skriveopplæringa, men traderinga av heimleg talemål har ikkje vore nemnande viktig til dess. Også i målrørsla har medvitet om sambandet skulemål og barnehage vakse – mange lokallag arbeider beinveges andsynes barnehagane. Det kjem jamt eit tilsig av lokalt tilfang som lokallag gjev til barnehagane. Så vel lokallag som Noregs Mållag sentralt har hatt møte med kommunestyre og politiske utval i kommunane om tiltak for å styrkja bruken av nynorsk litteratur og song i barnehagane. Arbeidet med barnehagar var også eit viktig tema på haustseminaret i Oslo i oktober.

**GRUNNSKULE** Ikkje noko emne er meir framme i den politiske ålmenta enn stoda i skulen. Internasjonale granskingar viser at lese- og skriveevna hjå norske skuleelevar er dårleg jamførd med stoda i andre utvikla industriland. Men, motsett tidlegare har desse såkalla granskingane ikkje ført til mange åtak mot sidemålsopplæringa slik det plar vera.

Det såkalla sidemålsforsøket i Oslo vart avslutta våren 2007. Hausten 2007 la NIFU STEP fram ein rapport om «forsøket» som viste at elevane korkje vart flinkare i munnleg framstilling eller fekk betre haldningar til norskfaget eller endra haldningane nemnande til sidemål, slik dei etter målsetnadene skulle. Elevane i forsøket fekk noko betre karakter i hovudmålet sitt, men det kan like gjerne skuldast andre omstende kring forsøket. Ein lærdom det er råd å dra ut or «forsøket», er at elevane bør få møta nynorsk også utanfor skulestova. Byrådet i Oslo avslørte seg alt før rapporten vart lagd fram; dei ynskte halda fram sidemålsfritaket same kva resultat rapporten kom fram til. Bystyret i Oslo avviste dette og vedtok i staden at Oslo skal setja i gang fleire *positive sidemålstiltak*. Dette kan vera eit teikn på ei endring i den politiske situasjonen for sidemålet: frå å bruka den miserable stoda i sidemålsundervisninga som argument for å fjerna sidemålet, til eit ynske om å styrkja og auka sidemålsundervisninga.

På same tid kjem resultatet av åtaket mot nynorsk i Bondevik II-regjeringa til syne våren 2008: avgangselevane skal ha éin eksamensdag i norsk; hovud- og sidemålseksamen i eitt. Både elevorganisasjonar, lærarar og målrørsla har protestert mot dette. Det er for tidleg å vita kva styresmaktene kjem til å gjera med dette, men for målrørsla vert det ei sentral oppgåve å få endra ordninga attende til to eksamensdagar.

Etter fleire tiår med allmennlærarutdanning har styresmaktene reelt teke til å drøfta resultatet av henne. For nynorsken har allmennlærarutdanninga vore nærast ein katastrofe; hundrevis, kanhenda tusenvis er sertifiserte til å undervisa i nynorsk hovud- og sidemål utan å kunna nynorsk skikkeleg. Dersom dette får halda fram, kan det over tid undergrava nynorsken som skriftspråk.

Den gjeldande opplæringslova har fleire alvorlege manglar. Lova opnar for åtak mot rettane til elevane, meir enn å tryggja desse rettane. Framleis driv mange kommunar utstrekt blanding av elevar med ulikt opplæringsmål i barneskulen, framleis opplever nynorskelevar i

Snöball Film og Nynorsksenteret har lansert ressurspakka *i praksis: nynorsk som sidemål i grunnskulen*, ei samling med 20 kortfilmar som skal inspirera norsklærarar.

ungdomsskulen å gå år på skulen utan å få éin einaste time nynorskopplæring utanfor norskfaget, framleis opplever studentar ikkje å få eksamenar på nynorsk, framleis får mange elevar nynorskopplæring av lærarar som slett ikkje meistrar nynorsk godt nok. Mellom anna på denne bakgrunnen skipa Noregs Mållag ei open høyring på Stortinget i oktober der elevar, foreldre og lærarar presenterte kva fylgjer dette får. Det var representantar frå utdanningskomiteen på Stortinget, Utdanningsdirektoratet og fylkesmennene til stades på høyringa – Noregs Mållag vart beden om å leggja fram framlegg til lovendringar slik at alle elevane får den undervisninga dei har krav på.

I perioden har det vore fem folkerøystingar om opplæringsmål i skulekrinsen. Nynorsken vann fire.

Tre av røystingane var samstundes i ein kommune, Aure på Nordmøre. Nynorsk vann stort på sentralskulen i Aure, men tapte knapt på Straumsvik (éi røyst) og tolleg stort tap i Lesundet. Like fullt vedtok heradsstyret at nynorsk framleis skal vera opplæringsmål på alle skulane. Aure Mållag arbeidde veldig bra fram mot røystinga, og som vanleg var det den direkte kontakten med folket som avgjorde. Sameleis var det i Kvinlog, i Fjotland i Kvinesdal kommune. Skulemålsskrivaren i Agder og nynorskfolk i krinsen dreiv godt arbeid mellom folk og vann røystinga stort.

Røystinga i Notodden skil seg ut: Her vart det ikkje drive arbeid frå målfolk lokalt, snarare ytra nokre lokale målfolk seg slik at det burde verta endring frå nynorsk til bokmål: Av di borna ikkje snakkar dialekt lenger, men snakkar bokmål(snært), burde elevane få fyrste opplæringa på bokmål. Førre røystinga i Yli var i 2000, den gongen vann nynorsken. Etter 2000 har skulen aktivt undergrave røystinga i 2000 ved å gje bokmålsopplæring i staden for nynorsk. Ein lærar på skulen fortalde at ho var den einaste læraren som underviste på nynorsk. Dette er eit alvorleg brot på opplæringslova, på demokratiske vedtak i heradsstyret og ei direkte undergraving av nynorsken i skulen. Her har ikkje tilsynet med lova fungert, og Noregs Mållag har orientert fylkesmannen i Telemark om stoda.

Det har vore eit nokså stille år på røystefronten. Likevel melder fleire lag om at stoda ikkje er bra, mellom anna er mistilhøvet mellom opplæringa i barnehage og skulen ei viktig årsak til at småbarnsforeldre jamt ymtar frampå med krav om røysting for at skulen skal gå over til bokmål. Meir og meir kjem det fram at språket *utanfor* skulen verkar inn på skulemålet.

**PARALLELLKLASSANE** Dei siste åra har vilkåra for å få oppretta parallellklasse, eller gruppe som det heiter, vorte dramatisk endra. Med utholinga av opplæringslova har mange kommunar aktivt undergrave retten til å laga parallellklassar. Klårast har dette kome til uttrykk i den kommunen som har hatt flest parallellklassar; Sandnes kommune.

Jamvel om Noregs Mållag, på vegner av foreldre til nynorskelevar i Sandnes, vann ei rettssak mot Sandnes kommune, heldt klasseblandinga fram. Endåtil eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet der kommunane vart bedne om å fylgja opplæringslova, har ikkje hjelpt. Noregs Mållag mottek jamt meldingar frå fortvilte foreldre og lærarar som fortel om blanding av elevar i fag der elevane lærer å lesa og skriva. Til dømes i Klepp kommune der nynorskelevane i ein 7. klasse fekk undervisning i eiga gruppe einast i *grammatikkundervisninga* i norskfaget.

I juni 2007 gjekk Noregs Mållag på nytt til rettssak mot Sandnes kommune. Mållaget vann nesten heilt ut; retten slo fast at i fag der det skjer lese- og skriveopplæring skal elevane ha undervisning i eiga gruppe. På same tid viser retten til at endringar i organiseringa av undervisninga skaper vanskar med å laga klåre grenser for korleis kommunane kan blanda elevar med ulikt opplæringsmål.

Det er gjeldande lovverk som skaper denne stoda. Resultatet av dette er ein klår nedgang i talet på parallellklassar. Foreldre seier ope at dei ikkje ser noka meining i å velja nynorsk som opplæringsmål for borna sine, dersom elevane vert blanda med bokmålselevar i fag der dei lærer å lesa og skriva. Til dømes finst det snautt nynorskklassar att i Oslo.

Samstundes er det eit stort problem at mest ingen kommunar aktivt gjev foreldra informasjon om at dei kan få oppretta parallellklassar, og ikkje minst kvifor dei kan velja anna opplæringsmål enn det som er vedteke for skulen. Me ser at der skulane faktisk opnar for slik informasjon, der aukar interessa for å å få oppretta slike klassar monaleg.

## FOLKERØYSTINGAR OM SKULEMÅL 2007 – 2008

| Dato | Krins | Kommune | Røysteføre | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 020507 | Aure | Aure | 1175 | 389 | 237 | Nynorsk |
| 020507 | Lesundet | Aure | 188 | 37 | 53 | Nynorsk |
| 020507 | Straumsvik | Aure | 320 | 76 | 77 | Nynorsk |
| 100507 | Yli | Notodden | 680 | 23 | 109 | Bokmål |
| 191107 | Kvinlog | Kvinesdal | 459 | 200 | 71 | Nynorsk |

Nettsida www.nynorskklasse.no er produsert og lansert dette arbeidsåret. Sida er ei informasjonsside for foreldre som ynskjer at ungane deira skal få nynorsk som opplæringsmål på bokmålsskular. Gjennom sida kan dei også få kontakt med Noregs Mållag for støtte og rettleiing i arbeidet.

**UNGDOMSSKULEN/VIDAREGÅANDE SKULE** I perioden har interessa for og medvitet om vilkåra for nynorskelevane i ungdomsskulen og vidaregåande skule auka. Mellom anna har Hordaland fylke gjort opptak til særskilde tiltak for å stogga målbytet frå nynorsk til bokmål. Like fullt er det ei ulempe for elevane at dei knappast har nokon rettar i det heile utanom retten til å velja læremiddel og hovudmål. I praksis er det berre nynorskelevar som har ein «rett» til å velja hovudmål, dvs byta til bokmål. Det finst svært få døme på målbyte rette vegen, frå bokmål til nynorsk. Ei viktig årsak til dét er sjølvsagt at storluten av bokmålselevar ikkje får ei undervising som gjev dei sjansen til å velja nynorsk som hovudmål. Ei anna årsak er at skulen sjølv ikkje tematiserer val av hovudmål, jamvel om dette tvillaust ville ha tent norskopplæringa mykje.

Framleis finst det ingen statistikk over kor mange nynorsk- og bokmålselevar det er i vidaregåande skule. Denne mangelen er eit uttrykk for manglande interesse for å dokumentera målbruken til elevane.

I 2008 skal styresmaktene leggja fram ei eiga melding om nynorskopplæringa i skulen. Det vert viktig at stoda for nynorskelevane i ungdomsskule og vidaregåande skule vert teken med.

**SIDEMÅLSARBEID I OSLO** Hausten 2007 vart det kjent at Høgre ville søkja om å få halda fram med og utvida forsøket med fritak frå sidemål i Oslo, slik at det vart gjeldande for alle dei vidaregåande skulane i Oslo. Dette ville dei prøva å få fyrst utdannings- og kulturkomiteen og deretter byrådet med på å søkja om.

Noregs Mållag og Norsk Målungdom gjekk saman om å prøva å få stogga vedtaket, og heller prøva å få til ei endring i måten sidemålsundervisninga blir driven på. Me vurderte det slik at det etter gjennomføringa av forsøket burde vera rom for å påverka sidemålsundervisninga på fleire måtar.

Sjølv om både departementet og direktoratet har signalisert at det skal verta vanskeleg å få gjennom nye forsøk med fritak frå sidemål, ville me utnytta denne opninga til ikkje berre å unngå nye negative sidemålsforsøk, men å endra sidemålsundervisninga i positiv lei. Målet vårt på sikt er altså å *endra permanent måten sidemålsundervisninga går føre seg på over heile landet*.

Fyrste delmål på vegen var å få bystyret til å vedta å setja i verk positive sidemålstiltak i Oslo, etter Holmlia-modellen. På ungdomssteget på Holmlia skole er det no ni grupper som har nynorsk som opplæringsmål i eit anna fag enn norsk. Dei har bøker på nynorsk, og bruker nynorsk til alt skriftleg arbeid i dette faget. Dermed lærer dei nynorsk som eit bruksspråk, dei lærer gjennom å lesa og skriva det medan dei lærer eit fag. Denne undervisingsforma får svært gode tilbakemeldingar både frå elevane og lærarane.

Målsetjinga med fritaksforsøket var å gjera elevane betre i skriftleg hovudmål, å gjera dei betre til å lesa, betre i munnleg framstilling, betra haldningane deira til norskfaget generelt, og til nynorsk spesielt. Rapporten frå NIFU STEP viser at berre det fyrste av desse måla kan seiast å vera oppfylt, men heller ikkje det i særleg stor grad. Eit positivt sidemålstiltak der elevane bruker nynorsk som opplæringsmål i eit anna fag enn norsk, burde kunna gje betre resultat enn fritaksforsøket. Dersom me kunne få til eit større og meir omfattande tiltak der mange av, eller helst alle, elevane i vidaregåande skule i Oslo deltok, ville resultata ha dess meir tyngd, og kunna opna dører for liknande tiltak over heile landet.

Me prøvde altså å få opposisjonen i bystyret til å gå inn for eit positivt sidemålstiltak i Oslo som eit motframlegg mot framlegget frå byrådet. Målet var å samla fleirtal for eit slikt positivt tiltak.

I motsetnad til i Osloforsøket ligg tiltaka me prøver å få innført, godt innanfor rådande regelverk, lovverk og ikkje minst er det heilt i tråd med dei nye læreplanane.



*Hege Myklebust og Jens Kihl på møtet i Utdanningskomiteen i Oslo kommune. (Foto: Hege Lothe)*

Det å bruka andre fag til å styrkja basisdugleikar som språklæring, er eit hovudpoeng i Kunnskapsløftet.

Kultur- og utdanningskomiteen hadde invitert NIFU STEP til å leggja fram resultatet av rapporten frå Osloforsøket på eit møte i januar. Der gjorde forskingsleiar Nils Vibe det klårt at rapporten ikkje gjev grunnlag for å endra norsk språkpolitikk. NIFU STEP var òg kritisk til at forsøket vart sett i gang så raskt, og utan at evalueringa var avtalt på førehand.

Me byrja med å ta kontakt med opposisjonen sine medlemer i utdanningskomiteen, dei som i utgangspunktet var mot innføringa av forsøket, nemleg Venstre, SV og Raudt. David Hansen frå KrF tok dissens frå standpunktet til sitt eige parti, og var ein viktig kontaktperson. Alle desse var positive til eit alternativt vedtaksframlegg, altså eit framlegg om eit positivt sidemålstiltak i staden for vidareføring og utviding av Osloforsøket.

Som sist var det Arbeidarpartiet som kom til å vera avgjerande. Me snakka òg med nokre av representantane deira, og inviterte deretter heile arbeidarpartigruppa i bystyret til møte med to av lærarane frå Holmlia. På møtet la Holmlia-lærarane fram sine erfaringar med å jobba med nynorsk i eit anna fag enn norsk, og ikkje minst korleis dei på denne måten òg fekk presentert nynorsk for innvandrarelevane, og dei positive erfaringane med dette.

Arbeidarpartiet gjekk seinare ut i media og sa at dei ikkje kom til å stø framlegget frå byrådet om å utvida forsøket.

På møte i utdanningskomiteen 13. februar vart det klart at opposisjonen ikkje ville detaljstyra byråden på ein slik måte at dei ville påleggja å bruka nettopp Holmlia-modellen, men dei gjekk temmeleg langt i å kritisera framlegget frå byrådet, og påleggja positive tiltak. I merknadene som vart vedtekne frå ein samla opposisjon, viser dei dessutan til Holmlia-modellen som ein god måte å arbeida på. Komiteen gjorde følgjande vedtak: «Bystyret ber byrådet iverksette tiltak for å styrke norskopplæringen i videregående skole med særlig vekt på utvikling og fornyelse av undervisningen i sidemål». Dette vart òg vedtaket i bystyret 27. februar.

Frametter blir det viktig å halda presset oppe overfor byrådet, slik at vedtaket verkeleg blir følgt opp. Likeins bør me arbeida for at ei anna og betre sidemålsopplæring må starta mykje tidlegare enn i den vidaregåande skulen.

## NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR

I februar 2008 kunne forskings- og høgare utdanningsminster Tora Aasland melda til Bergens Tidende at ho skulle finna finansering for at bergenstesten skal kunna takast på nynorsk. Med det er eit viktig krav som Noregs Mållag har målbore gjennom heile 2000-talet, innfridd på politisk hald.



*Elevar ved Voss Gymnas aksjonerer for nynorske lærebøker. (Foto: Jens Kihl)*

**LÆREMIDDEL** Hausten 2006 vart Kunnskapsløftet innført – eit lyft som førte til at mange elevar ikkje fekk lærebøker til skulestart. Dei same problema vart tidleg varsla for skulestart 2007, og Noregs Mållag heldt fram samarbeidet med Utdanningsdirektoratet og Forleggerforeningen. Frå nynorsksida har særleg Norsk Målungdom, Det Norske Samlaget, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Nynorsk kultursentrum vore sterkt inne i arbeidet.

I september laga me til underskriftskampanje saman med Norsk Målungdom der målsetnaden var å engasjera og verva lærarar, som står midt oppi problema kvar dag. Mange lag og einskildmedlemer gjorde ein god jobb med kampanjen. Saman med andre tiltak, utgjorde det ein viktig innsats for å få merksemd om stoda.

Nasjonal nyhendesak vart emnet truleg fordi også bokmålselevane for ein gongs skuld vart råka av læremiddelkaoset. Så vel statsråd Djupedal som etterfylgjaren Solhjell ymta frampå om å gje dagbøter for brot på reglane om læremiddel i opplæringslova. Enno er ansvarsfordelinga uklår i læremiddelsaka og styresmaktene og forlaga skuver ansvaret frå seg og over til kommunane og fylkeskommunane.

Mållaget har hatt ei rekkje møte med samarbeidspartnarane våre, og me møtte også Kunnskapsdepartementet både i august og i januar for å leggja fram situasjonen og få på plass løysingar. Det har kome klåre signal frå kunnskapsministeren i haust og vinter om at forlaga og skuleeigarane må få orden til hausten, og skiftet av minister hausten 2007 har tydeleg gagna nynorskelevane.

Nytt av året er kontakten med Kommunenes Sentralforbund. Dei organiserer dei fleste skuleeigarane både for grunnskulen og den vidaregåande skulen, og me har oppmoda dei om å hjelpa medlemene sine med utforming av tilbodskonkurransar og å informera dei om kva krav som gjeld for at eit læreverk skal vera godkjent for bruk i skulen. Det er også skuleeigar som har den formelle opninga for å leggja inn krav om dagbøter eller andre sanksjonar i kontrakten med forhandlar, om bøkene ikkje vert leverte til avtalt tid. Under opninga av landstinget til KS i januar tok kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa opp læremiddelsaka. Engasjementet frå regjeringshald går vonleg ikkje hus forbi, korkje hjå produsentar eller skuleeigarar.

Om dei trykte bøkene i stor grad ligg føre til skulestart, er det likevel mange uløyste oppgåver att. Alle elevar skal no ha datamaskiner til bruk i eige skulearbeid, og dei har mange lærebøker eller tilleggsstoff til lærebøker, elektronisk. Her er det store manglar for nynorskelevane, både på programvaresida og innanfor dei elektroniske lærebøkene. Mållaget har difor prioritert arbeidet med desse læringsressursane høgast dei siste månadene, men det er uvisst når resultatet av arbeidet kjem. Me har mellom anna kravd at departementet må presisera lov og forskrift og setja opp klåre retningsliner for kva som fell innanfor parallellitetskravet, slik at tolkinga ikkje vert overlaten til forlaga. Det vil også truleg vera heilt avgjerande at styresmaktene legg press på skuleeigar om at dei ikkje kan bruka noko som ikkje finst i parallellutgåve, då vil forlagsbransjen og programvareprodusentane raskt levera produkt på både nynorsk og bokmål.

## *Media og informasjonsteknologi*

Den viktigaste endringa i 2007 er at trenden med at motemagasina og damemagasina opnar for nynorsk, held fram. Innanfor reklamen ser me ein auka bruk av nynorsk, og der er også nynorsk og dialekt i bruk utan at dette er lagt vekt på som eit eige poeng . Det er spennande at næringslivet ser at nynorsken også kan brukast til å tena pengar.

Det er i hovudsak i lokalavisene nynorsken er sterkast representert, i tillegg til regionaviser som Bergens Tidende, Sunnmørsposten og Stavanger Aftenblad. I tillegg er nynorsk godt synleg i nisjeaviser som Vårt Land, Klassekampen, Dagen, Dagsavisen og Nationen.

Noregs Mållag er uroa for at den varsla fusjonen mellom Aftenposten, Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og Fædrelandsvennen kan koma til å gå ut over nynorsken. Desse regionalavisene skal i aukande grad bruka kvarandre sitt stoff, og så lenge Aftenposten tviheld på forbodet mot nynorsk på redaksjonell plass, kan det fort føra til at journalistar som til vanleg skriv nynorsk, vel å bruka bokmål når dei veit at stoffet skal i Aftenposten òg. Dette er ei problemstilling det vert viktig å fokusera på fram mot gjennomføringa av fusjonen.

Etter at kulturminister Trond Giske la fram og fekk vedteke Allmennkringastarplakaten for NRK i Stortinget, har NRK fått utvida kravet om at også nettsidene skal ha minst 25 % nynorsk. Nettsidene til NRK er blant dei mest populære nettsidene i Noreg, så vedtaket er viktig for bruken av nynorsk på nettet.

**RIKSAVISENE** Innanfor dei største riksavisene har det ikkje skjedd noko avgjerande nybrotarbeid i året som har gått. Framleis er det slik at me ser at det innimellom er saker på nynorsk. Men det store gjennombrotet som gjer at journalistane kan bruka nynorsk på redaksjonell plass, let venta på seg. Det er likevel positivt å sjå at mange meiner at nynorsk i desse avisene er ei viktig sak. Utdanningsforbundet sine fylkeslag i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har skrive brev til redaktørane i VG og Dagbladet med krav om at dei også må nytta nynorsk. Riksavisene har også eit ansvar for at norske elevar lærer både bokmål og nynorsk, meiner Utdanningsforbundet i Møre og Romsdal. Medan fylkesleiaren i Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane, Gunn Marit Haugsø, meiner det språklege mangfaldet må syna att i spaltene til dei største riksavisene.

**REGION- OG LOKALAVISENE** Siste åra har det vore ei viktig sak i regionsavis-Noreg om fusjonen mellom Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad, Aftenposten og Fædrelandsvennen. Medietilsynet ville ikkje godkjenna samanslåinga fordi ei samanslåing ville gje Schibsted ein for sterk eigarposisjon i norske aviser. No er det sett nokre føresetnadar for samanslåinga, og dermed skal desse fire store avisene slå seg saman. Hovudkontoret skal vera i Bergen, men det vil likevel vera svært interessant å sjå utviklinga av språklina i desse fire avisene. Alt i dag er det eit visst samarbeid mellom desse avisene, og då har det synt seg at nynorskartiklar frå Bergens Tidende vert omsette til bokmål før dei kjem på trykk i Aftenposten. Då desse avisene forhandla om samanslåing for over eitt år sidan, vart det sagt at dei ikkje hadde forhandla om språkbruk. Det klare kravet frå Mållaget må vera at nynorskforbodet i Aftenposten og Fedrelandsvennen må opphevast.

Lokalavisene samla sett veks i opplag. Det er også mange nynorskaviser mellom dei avisene som veks i opplag. Tre av ti-på-topp-lista til Landslaget for lokalaviser over dei avisene som aukar mest, er nynorskaviser. Lokalavisene er likevel avhengige av pressestøtte frå staten og levelege vilkår frå Posten. Dette rammeverket er det viktig at målrørsla er med og stør opp om.

**VEKEBLADA** I førre årsmeldingsperiode hadde både motemagasinet Elle og damemagasinet Eva nynorsksaker på trykk. I denne perioden har også Kamille og KK hatt ei sak på nynorsk. Journalisten Ingvild Kjøde var også til stades på Mediemållaget sitt jubileumsseminar. I særklasse står ungdomsbladet Rocky som i mest kvart einaste nummer publiserer ein eller fleire artiklar på nynorsk og har mange nynorske teikneseriar. Det er eit viktig gjennombrot å få vist fram at nynorsken passar utmerka på glansa papir. I tida frametter vil det vera viktig å gje desse blada melding om at me set pris på at dei nyttar nynorsk.

**FJERNSYN** I januar 2008 var det møte med NRK. Mållaget møtte saman med Kringkastingsringen og Mediemållaget. NRK-sjef Hans-Tore Bjerkaas understreka at NRK framleis tek rolla si som allmennkringkastar og leverandør av godt, norskspråkleg innhald svært alvorleg.

I dette møtet vart det mellom anna peika på allmennkringkastingsplakaten gjer at nett-tenesta til NRK ( www.nrk.no) og har fått eit krav om 25 prosent nynorsk. Dette fører nok til utfordringar for NRK, fordi slett ikkje alle dialektbrukarar vil bruka nynorsk når dei skal skriva. NRK fører statistikk der ein ser fordelinga mellom nynorsk og bokmål. I møtet med NRK vart det bede om at forholdstalet mellom normaltalemål og dialektbruk går fram av statistikken både for nynorsk og bokmål.

Dei nye språkreglane som NRK innførte frå sumaren 2007, opna opp for meir dialekt i staden for normert tale. Dette har vore i all hovudsak positivt motteke, både frå lyttarane og frå Kringkastingsrådet (Riksmålsrørsla og Mållaget har derimot vore urolege for at auka dialektbruk skulle gå ut over normert talemål ). Reglane har ikkje fått store følgjer i redaksjonane: Berre eit par programleiarar som før brukte bokmål har byrja å bruka dialekt. Stort sett har det vore ei legalisering av den praksisen som lenge har vore, og han er stort sett relevant for Austlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Derimot har reglane ført til eit auka medvit om språk i NRK, og med det fleire interne tiltak og meir opplæring.

**NRK SUPER** Den verkeleg store endringa innanfor fjernsynstilbodet til born og unge er etableringa av NRK Super. Landsmøtet til Mållaget vedtok eiga fråsegn om at NRK Super må innehalda både nynorsk og dialekt. Sendeflata har auka frå 700 til 4300 timar i året. Det har gjort at det har vore vanskeleg for NRK å fylla nynorskkravet til no, men dei har klare målsetnader om 25 prosent nynorsk. Det er ingen statistikk for kanalen klar førebels, dei endelege tala vert ikkje klare før i mars 2009 (og skal danne grunnlag for Allmennkringkastingsrapporten).

Det vert no stilt krav til at seriar også skal dubbast på nynorsk og dialekt. Gode døme på dette er *Gjengen på taket*, der alle snakka Østfold-dialekt. NRK Super arbeider med å få miljøa i Tromsø, Førde og Trondheim til å produsera meir. I tillegg til røystene frå målrørsla har mellom anna Distriktsprogramrådet i Sogn og Fjordane uttalt misnøye med mengda nynorsk og dialekt i NRK Super. Dette er ein viktig kanal, som Mållaget saman med Kringkastingsringen må fylgja nøye med på.

**NYHENDEBYRÅA** Nynorsk Pressekontor (NPK) og Norsk Telegrambyrå (NTB) har inngått ein avtale om samarbeid og samlokalisering. Avtalen er sett ut i livet og det er slik at byråa gjensidig kan nytta stoff frå kvarandre for å laga eigne saker. Eit førebels resultat er at NPK vert oftare sitert i pressa. Når NPK lagar eigne saker som NTB tykkjer har nasjonal interesse, vert dei sende ut til både NTB- og ANB-abonnentar (sidan NTB har overteke nyhendeproduksjonen for ANB). Sakene som kjem frå NPK vert i hovudsak siterte på bokmål, og ein kan førebels ikkje spora at nynorskbruken i avisene har gått vesentleg opp. Det er likevel for tidleg å evaluera kva nynorsken har fått ut av denne avtalen. Han er framleis eit viktig potensial for å få på trykk fleire nynorsksaker både i aviser og på nettet.

**PROGRAMVARE** Operativsystemet Vista kom på marknaden for privatkundar på nyåret i 2007. I førre årsmelding stod det at Vista var komen på nynorsk. Dette syner seg at det ikkje stemmer. Omsetjinga er ferdig, men Vista på nynorsk vert fyrst lansert til sommaren 2008.




*Leiar i Mediemållaget, Berit Rekve overrekte Nynorsk redaktørpris til Tom Hetland, ansvarleg redaktør i Stavanger Aftenblad. (Foto: Arne Sigurd Haugen, NPK)*

I oktober hadde Noregs Mållag møte med Microsoft og då var Mållaget tydeleg på at me forventar at programma ligg føre på både nynorsk og bokmål til same tid og pris. Det er spesielt viktig til skulane, men gjeld også resten av samfunnet. Det er problematisk at nynorsktilbodet kjem etter bokmålstilbodet. Mållaget lyt vurdera å arbeida tyngre for å få slege fast heilt klåre lovreglar for parallellretten, dersom denne praksisen held fram.

Windows XP er på nynorsk. Brukarane må fyrst kjøpa programmet, deretter må ein lasta ned Language Interface Packs (LIP) for Windows XP Professional og Windows XP Home Edition for å få nynorsk brukargrensesnitt. Det vert ein ekstra terskel å ta i bruk det nynorske brukargrensesnittet med den modellen.

Nettlesaren Firefox tek stadig større delar av marknaden. Fordelen med denne nettlesaren er at nynorsk og bokmåloppdateringane kjem samstundes. Nettlesaren Opera gjer det mogleg å nettsurfa på nynorsk frå mobiltelefon.

Talet på nedlastingar av kontorpakka OpenOffice.org er meir enn tidobla på fire år. Det er registert over 30 000 nedlastingar kvar månad av den norske versjonen. I 2003 var det registert 21 505 nedlastingar og i 2007 var det 292 066 nedlastingar (frå mars og ut året). Nynorsk-versjonen stod for 17 prosent av nedlastingane i 2003, og 10 prosent i 2007. Dette kan ha rot i at OpenOffice fyrst vart utbreidd på Vestlandet og i nynorsk-kommunar. Ein slik prosentdel er likevel eit klart signal om at folk ynskjer å ta bruk nynorsk programvare og vil bruka han når tilbodet er parallelt med og like godt som på bokmål.

I skulen er også programvare for elektronisk kommunikasjon mellom lærar og elev vorte meir vanleg. Dei to vanlege programma er Fronter og Skolearena, som er ei programvare innanfor It's learning. Fronter finst på nynorsk, konkurrenten gjer det ikkje. Mållaget har vore i kontakt med It's learning, som meiner at dei vil vera på plass i 2009. Slik programvare kjem etter vårt syn inn under opplæringslova, og alle skular bør difor bruka Fronter inntil vidare.

**SPRÅKTEKNOLOGI** Etter fleire år der lite har skjedd, har språkressursane som vart kjøpte frå buet etter Nordisk Språkteknologi (NST) på Voss, vortne sikra for 2008. Prosjektet vert leidd av Språkrådet. Dei fem eigarane (Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, NTNU, Språkrådet og IBM) vil saman dekkja kostnadane dette året for å ta vare på språkressursane som vart kjøpte frå buet etter Nordisk Språkteknologi (NST). Ressursane består av tekst, tale og leksikon knytt til taledataa som var lagde til rette for utvikling av språkteknologi. Det er fleire språkteknologiprosjekt som ventar på å bli sette i gang, mellom anna automatisk teksting av TV-program.

**INTERNETT** Det er framleis få nettressursar på nynorsk, og Nynorsk Wikipedia er difor eit viktig tilskot og ein god møtestad for nynorskbrukarar. Den nynorske utgåva av det frie nettoppslagsverket Wikipedia fekk i februar 2008 artikkel nummer 30 000. Nynorsk Wikipedia vart grunnlagd 31. juli 2004. Wikipedia på bokmål og riksmål har 150 000 artiklar. Det er no 3 414 registrerte redigerarar, og fleire kjem til. På landsmøtet i april fekk Rannveig Mossige Thattai eit stipend av Noregs Mållag for å skriva saker på nynorsk Wikipedia.

Nynorskprosenten er på veg oppover på nettstadene til statsorgana. Det er klart færre statsorgan som har svært låg nynorskprosent. Men talet på statsorgan som har over 25 prosent nynorsk, har ikkje auka. Elleve statlege nettstader har meir enn 25 prosent nynorsk. Til samanlikning var det 43 nettstader der nynorsken var representert med 0-5 prosent nynorsk.

**MEDIEMÅLLAGET 30 ÅR** Mediemållaget er yrkesmållaget for journalistar, kommunikasjons-, reklame- og forlagsfolk. Laget fylte tretti år i år og markerte dette på ein fin måte. Dei gav redaktørprisen til Tom Hetland fordi han har gjeve eit viktig bidrag til nynorsk i Stavanger Aftenblad. Mediemållaget skipa til eit medieseminar, der ei lang liste med pressefolk stilte til debatt. Laget har vore ein viktig samarbeidspartnar for Mållaget i desse tretti åra.

**REKLAME** I året som har gått har me kunna notera oss at reklamebransjen brukar stadig meir nynorsk. Bransjen har føre vore tilnærma nynorskfri. Siste året har IKEA reklamert med store plakatar med slagordet «Alle reiser er ein omveg heim». Ein boktittel frå Herbjørn Sørebø. Medan Sætre kjeks nytta denne teksten når dei skulle reklamere for bokstavkjeks: «Vi er glade for å informera deg om at Bokstavkjeks ikkje forskjellsbehandlar nynorsk og bokmål. Me synest at begge målformene er like gode. Kan det skrivast, kan det etast». Lerum har hatt store annonsekampanjar i Oslo på nynorsk, og det er ein trend å bruka dialekt i TV-reklamar. Den artigaste vrien står nok likevel Grandiosa for. Dei har lansert ein ny Gradiosa-song om speltpizza der Fredrik Steen har skrive teksten til den kjente temamelodien til FAME. Ein artig nynorskreklame, sjølv om altså det skriftlege materiellet er på bokmål.

## *Næringsliv*

Det har vore ei tydeleg styrking av dette målpolitiske satsingsområdet, særleg i dei to siste åra av arbeidsprogramperioden. Både Nynorsk næringslivspris og annan merksemd me har gjeve gode døme på nynorsk i reklame, har gjeve god synleggjering. I tillegg til dei tiltaka som sentrallekken står for, er det jamt meir næringslivsretta aktivitet i lokal- og fylkeslaga.

Det vert arbeidd vidare med å utvikla samarbeidet med Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) og med andre kontaktar. Våren 2008 vert det sett i verk fleire tiltak for oppfylging overfor ulike næringar og organisasjonar.

**NÆRINGSLIVSPRIS** *Nynorsk næringslivspris* vart tildelt Hotel Alexandra i Loen under ei tilskiping i Det Norske Teatret 6. desember 2007. Vertskapet Eivind og Inger Grov tok i mot prisen. I samband med utdelinga hadde juryleiar kontakt med NHO og fekk adminstrerande direktør Finn Bergesen jr. til å dela ut prisen. I år fekk prisen over dobbelt så stor pressedekking som i fjor (sjå Presseoppslag).

Juryen vurderte 24 kandidatar, ti meir enn i 2006. Juryen bestod av Berit Rekve, næringslivsansvarleg i styret, juryleiar; Jørn Lekve, Bergen, direktør for informasjon og samfunnskontakt Sparebanken Vest; Christian Sulheim, Lom, tidlegare konserndirektør ICA Norge og bonde, representant for HSH; Anne Karin Sveinall, Trondheim, rektor ved Adolf Øien videregående skole og tidlegare direktør i Fokus Bank og Liv Krumsvik, Halsa, leiar for Nordmøre Mållag.

## *Samarbeid med andre organisasjonar*

Mållaget har i vinter sendt brev til både Idrettsforbundet og til Turistforeningen med oppmoding om medviten nynorskbruk, innspel til kva som kan gjerast og tilbod om samarbeid. Vonleg resulterer invitasjonen vår til møte med desse organisasjonane på vårparten.

## *Kultur og kulturpolitikk*

Året har gått utan at dei varsla og venta språkmeldingane har vorte lagde fram frå Kulturdepartementet. Trass i dette har regjeringa og Kulturdepartementet drive aktiv nynorskpolitikk også i året som har gått. Regjeringa la fram eit statsbudsjett i oktober som synte at dei tek den norske språksituasjonen på alvor. Norsk språk har utfordringar fordi det er eit lite språk, og nynorsk som det minste av dei to norske skriftspråka har endå større utfordringar, noko regjeringa viser forståing for. Noregs Mållag fekk eit ekstra lyft på 300 000 kroner. Mållaget set pris på auken, og meiner dette er velplasserte pengar når det gjeld å stø nynorsken.

Regjeringa signaliserte at dei går inn for å etablera ein digital nasjonal kunnskapsbase. Å sikra nynorsken i eit slikt prosjekt vert sjølvsagt spesielt viktig. Det er også sett av pengar til produksjon av artiklar om nynorsk kulturhistorie på nettet og ekstra løyvingar til støtte for nynorsk litteratur. Dessutan får både Norsk Ordbok, Nynorsk kultursentrum og Det Norske Teatret auka løyvingar for 2008. Noregs Mållag tykte også det var positivt at regjeringa aukar løyvingane til samiske aviser for å stø opp om etableringa av ei samisk dagsavis.

I mai la Kultur- og kyrkjeminister Trond Giske fram stortingsmeldinga «Kringkasting i en digital fremtid – allmennkringkastarplakaten». I meldinga vidarefører han kravet om at minst 25 prosent av innslaga i NRK skal vera på nynorsk. Dessutan utvida han dette kravet til også å gjelda nettsidene til NRK.

**LITTERATUR** Den største nynorsksuksessen vart ei omsett bok av ein relativt ukjent fransk forfattar. Det Norske Samlaget hadde venta på at Anna Gavalda skulle gjera det stort i Noreg. Bøkene hennar, og særleg *Saman er ein mindre aleine* hadde gjort det sterkt over heile verda, men suksessen i Noreg let venta på seg. Som eit siste forsøk kom boka ut i billegutgåve i januar 2007. Og brått kom suksessen. Utan hjelp av eit kjent namn og mediedekking, selde boka jamt og trutt. Eit år seinare er opplaget 47 000, pluss 10 000 til bokklubbsal. Boka har vore på den nasjonale bestseljarlista i 38 veker. Det er eit einestående tal for ei nynorsk bok. Noko av fortenesta må gå til omsetjar Tove Bakke, for særs grundig og godt arbeid med omsetjinga.

Like gledeleg er det at nynorske bøker på andre forlag òg gjer det godt. Carl Frode Tiller opplevde stor suksess med boka *Innsirkling*, som fekk Brageprisen og nominasjon til Nordisk Råds Litteraturpris. Nynorsk litteraturpris 2006 gjekk til Eilev Groven Myhren for *Ringdrotten*. Det er sjeldan at eit forlag vel å omsetja ei bok som alt er å få på bokmål, og Mållaget ynskjer at fleire forlag fylgjer etter. Brageprisutdelinga var eit anna høgdepunkt, då tre av fire vinnarbøker var skrivne på nynorsk, og utgjevne på Aschehoug, Spartacus og Samlaget. I tillegg fekk Guri Vesaas ein velfortent heiderspris for arbeidet sitt med barnelitteratur. Nynorsk barnelitteraturpris 2006 gjekk til Ragnar Hovland for *Fredlaus*.

**NYNORSKE FESTIVALAR** Det vert fleire festivalar som har nynorsk som markør. Me har lenge hatt *Dei nynorske festspela* i Volda og Ørsta, og sommaren 2002 kom *Målrock* i Årdal. I fjor vart *Nynorsk litteraturfestival* i Aurland skipa til for fyrste gong. Også i år kom det ein ny festival med *Nynorsk barnebokfestival Falturiltu* på Stord. Endå fleire stader har hatt seminar, festivalar og stemne der nynorsken står sentralt eller vert brukt. Noregs Mållag samarbeider med sume, og skriv gjerne om alt som skjer på nettsider og i Norsk Tidend. Men det er ekstra gledeleg at desse festivalane veks fram og blømer også utanfor målrørsla.

**JUBILEUM** I 2007 var det markeringar både for Rasmus Løland, Per Sivle og Halldis Moren Vesaas. Alle tre fekk flotte biografiar, der boka frå Olav Vesaas om mor si var den som fekk mest merksemd. Halldis Moren Vesaas vart òg heidra med eit eige frimerke og eiga byste i rådhuset i Oslo. Hege Myklebust var til stades ved denne markeringa og festframsyninga på Det Norske Teatret. Rasmus Løland-jubileet var startskotet for ei



*Frå sceneversjonen av «Få meg på, for faen!» (Foto: Det Norske Teatret)*



*Eivind og Inger Grov frå Hotel Alexandra mottek Nynorsk Næringslivspris 2007 frå NHO-direktør Finn Bergesen jr. (Foto: Kjartan Helleve)*

fem år lang markering. Det var markeringar i Asker og i heimkommunen Suldal, der Hege Myklebust var til stades. Sivle fekk nye minnesmerke både i Drammen og på Oppheim.

**KULTURBYGG** Arbeidet med eit Garborg-senter gjekk vidare. Det var strid om kvar senteret skulle liggja og korleis det skulle sjå ut. Time kommune hadde gått inn for å samlokalisera senteret med Forum Jæren, eit nytt forretningsbygg på Time, som også skal husa det nye biblioteket. Styret i Noregs Mållag vart oppmoda om å seia si meining om saka, og dei gav uttrykk for at ein helst såg at senteret vart eit frittliggjande bygg. Det viktigaste er likevel at det ser ut til at Time Mållag vil lukkast med å få til eit nasjonalt Garborg-senter på Jæren.

**SCENEKUNST** Norsk kulturråds ærespris for 2007 gjekk til skodespelaren, revyartisten og litteraturformidlaren Jon Eikemo. Han har vore ein påle for det nynorske scenespråket og Hege Myklebust held helsingstale ved utdelinga i Oslo Konserthus.

Ved Det Norske Teateret gjekk «Få meg på, for faen» av Olaug Nilssen svært godt. Stykket fekk osloungdomar til å gå mann av huse for å oppleva ei nynorsk teaterframsyning.

I Bergen vart «Vestlandsrevyen» sett opp på Logen Teater og fekk god mottaking. Med Olav Stedje, Ragnar Hovland, Claus Sellevoll, og Radio Røynda-heltene Halvor Folgerø og Finn Tokvam vart det ein kveld som hylla nynorsken. Noregs Mållag støtta framsyninga ved å laga jakkemerke som alle tilskodarane fekk med seg, og ved å profilera revyen på heimesidene.

Which Witch vart omsett til nynorsk og sett opp på Håkonshaugen i Nordhordland. Dette var eit stort samarbeidsprosjekt for regionen der også Mållaga i Nordhordland var med, og tilskiparane gav uttrykk for at språkdrakta gjorde det enklare å dra med seg frivillige.

## *Offentleg målpolitikk og målbruk*

I haust kunne Språkrådet melda om «sakte framgang» for nynorskbruken i statsorgana. Det er færre som har svært låg nynorskprosent, og det er framgang for nynorsk på nettstadene. Med mållovsmeldinga (2006) vart det varsla sterkare innsats for å fremja nynorsk i staten. Det er først når målbruksrapporten for 2007 er klar me vil sjå om dette har hatt vesentleg verknad. I samband med framlegginga av målbruksrapporten for 2006, peikte me på at oppfølging av mållova må opp på høgt leiarnivå og i styringsdialogen mellom statsorgan og departement (Nationen, 2.10.2007). I vinter har me oppmoda Språkrådet om å gjennomføra ei undersøking av om statsorgan har skriftfest rutinar for korleis dei skal veksla mellom dei to målformene. Det er ei oppfylgjing av forskriftsendringa sumaren 2006 som gav påbod til alle statsorgan om å vedta skriftlege rutinar for å fylgja krava mållova stiller til dei.

Sume av statsorgana har ikkje sett opp rekrutteringsverktya sine med nynorsk som språkval. Dette er nok eit døme på at nynorskbrukarar ikkje vert tekne omsyn til, og me har meldt det inn til Språkrådet.

Før sumaren skjerpa Samferdsledepartementet krava til nynorsk i dei statlege aksjeselskapa dei har ansvaret for. Det har ført til sterkare nynorskpåbod for både Posten og NSB, og det er heilt i tråd med krav frå Mållaget gjennom fleire år. Det vantar likevel politisk vilje til å gå gjennom mållova og utvida verkeområdet, slik at ho automatisk gjeld for tidlegare statsføretak som no er (del)privatiserte.

Fornyings- og administrasjonsmininster Heidi Grande Røys lanserte i vinter eit pilotprosjekt for å rydda opp i dårleg byråkratspråk i offentlege skjema. Mållaget set pris på initiativet og vonar prosjektet også fører til auka medvit kring nynorskbruken frå staten.

## *Talemål og skriftmål*

Det siste året har vore prega av ei varsla normering av nynorsken. Mållaget har teke saka opp til ordskifte i organisasjonen og har sendt ei fråsegn til Kulturdepartementet og Språkrådet med oppmoding om å ha ei opnare tilnærming til prosessen enn det som vart varsla i haust. Kulturdepartementet har varsla at saka skal leggjast på is til stortingsmeldinga om språk ligg føre våren 2008, så førebels er resultatet uvisst.

## *Internasjonalt arbeid*

Mållaget har søkt Utanriksdepartementet om støtte til ein føredragsturné til interesserte lokallag med éin eller fleire innleiarar som kan snakka om språksituasjonen i eit internasjonalt perspektiv. Tiltaket vert gjennomført i neste arbeidsbolk.

# Samskipnaden

## *Lag og medlemer*

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember):

| | *Medlemer* | *Endring* | *Tilgang* | *Fråfall†* | *Fråfall** |
|---|---|---|---|---|---|
| 1997 | 10 826 | - 287 | 566 | -853 | |
| 1998 | 10 852 | + 26 | 691 | -665 | |
| 1999 | 11 046 | + 194 | 775 | -581 | |
| 2000 | 11 001 | - 45 | 539 | -584 | |
| 2001 | 10 883 | - 118 | 476 | -594 | |
| 2002 | 10 588 | - 306 | 658 | -688 | -276 |
| 2003 | 10 329 | - 259 | 491 | -731 | -235 |
| 2004 | 10 141 | - 188 | 452 | -461 | -197 |
| 2005 | 10 162 | + 21 | 675 | -487 | -167 |
| 2006 | 10 167 | +5 | 389 | -525 | -535 |
| 2007 | 10 323 | +156 | 504 | -1105 | -395 |

† Utmeldingar og avlidne
* Har ikkje fornya

Medlemstalet gjekk opp med 156 medlemer (1,5 prosent) i 2007. Medlemstalet for 2007 er med det 10 323. Medrekna medlemene i Norsk Målungdom er medlemstalet 11885, opp 305 frå 2006. Om me skil mellom laga som har lokal og sentral innkrevjing, ser me at dei «vanlege» lokallaga våre har hatt ein framgang på 23. Jamt over er det slik at dei fleste laga anten har om lag det same medlemstalet, eller aukar litt. Det er registrert fødeår på 58,5 prosent av medlemene, og gjennomsnittsalderen er no 58,9 år. Det er ein nedgang frå 59,4 år i førre årsmelding. Praksisen med medlemsregistreringa er slik at medlemer som ikkje melder seg ut, men heller ikkje betaler medlemspengar, vertstäande i registeret og får tilsendt medlemspengekrav og Norsk Tidend i tre år. Deretter vert dei sletta. Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt, slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei vert sjølvsagt ikkje rekna med i det offisielle medlemstalet. Det er no 11 691 (pr. 30.1.2008) namn i medlemsregisteret. Dette inkluderer mellom anna tingarar på Norsk Tidend.

### LOKALLAG, FYLKESLAG OG YRKESMÅLLAG

For 2006 mottok skrivarstova årsmelding frå 129 lag og 19 fylkeslag. For 2005 var tala 138 og 18. Dette er ein tilbakegang til nivået rundt 2002-3. Det er framleis aktive lag som ikkje sender inn årsmelding, men rutinane for dette ser ut til å ha vorte mykje betre. Laga som ikkje sender inn årsmelding får ikkje nytta dei demokratiske

Arbeidsretten har for fyrste gong skrive ein dom på nynorsk. Dommen kom i ei sak som LO og Fagforbundet reiste mot KS og Hornindal kommune i Sogn og Fjordane.




*Vervekampanjen vart sparka i gang på landsmøtet. Ørsta Mållag stod på stand på Dei nynorske festspela. (Foto: Jens Kihl)*

rettane sine i samskipnaden. Mange lag får heller ikkje utbetalt medlemspengar dei har til gode på grunn av manglande innsending av årsmeldingar. Ølen Mållag har skifta namn til Vindafjord Mållag, og det har vore snakk om å slå laget saman med Skjold og Vats Mållag. Vanylven Mållag er oppattskipa, og slege saman med Rovde Mållag. Kvam Mållag er oppattskipa i perioden. Hamar Mållag og Sandøy Mållag er nedlagde i perioden.

Åtte lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

I mai la leiarane for yrkesmållaga fram utgreiinga «Ny giv for yrkesmållaga». Denne inneheldt analyse av stoda og synspunkt på kva for tiltak som trengst for å styrkja arbeidet. Styret har handsama utgreiinga og vedteke fleire tiltak som vert iverksette våren 2008.

Yrkesmållag hadde ei eiga samling i Oslo i februar 2008. Der møtte åtte utsendingar frå seks yrkesmållag for å drøfta utfordringane og framtida for yrkesmållaga, og for å læra meir om nettpublisering og nettverksbygging. Det vart også diskutrert korleis ein kan samordna fagterminologi-arbeidet.

**STUDIEARBEID OG LEIARTRENING** Noregs Mållag er ein av 24 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet.

I 2007 hadde me registrert 444 studietimar, fordelte på 12 kurs i tre lag . I 2006 hadde me 181 studietimar. Det er framleis slik at det meste av studiearbeidet laga driv med, ikkje vert rapportert inn til Folkekulturforbundet. Dei tre laga som hadde kurs, fekk utbetalt 29 980 kroner i støtte.

Det er starta eit arbeid med eit leiartreningskurs i Hordaland i samarbeid med Hordaland Ungdomslag.

**MEDLEMSREGISTER** Eit mangeårig ynske om eit nytt og meir funksjonelt medlemsregister vart endeleg innfridd i 2008. Prosessen har vore lang, og det var meininga at registeret skulle vore i drift ved inngangen av 2008. Diverre har dette teke lengre tid enn me vart førespegla, men me er veldig nøgd med kva me kan få til med det nye registeret. Det vil no vera mykje lettare for lokallagsleiarar å halda oversyn med medlemsutviklinga i laga sine. Det vil også vera mykje enklare for kvart enkelt medlem å halda oversyn over opplysningane om dei hjå Noregs Mållag. For skrivarstova vil det vera enklare å gje organisasjonen informasjonen og oppfylginga som trengst. I innkøyringa vil det ta mykje tid for alle partar å læra å bruka det nye registeret på ein effektiv måte. På litt lengre sikt er målsetnaden at me også skal frigjera arbeidstid frå tidkrevjande, manuelle prosessar i dag. Det vil koma organisasjonen til gode gjennom at me får meir tid til organisasjonsbygging og anna utviklingsarbeid.

**HAUSTSEMINARET 2008** Haustseminaret vart svært godt motteke av deltakarane. Det var ei nøgd forsamling i Oslo helga 13.-14. oktober, der det vart diskutert normering, barnehagearbeid, språkmangfald, skulepolitikk og arbeid i nynorske kjerneområde. Innleiarane var Hege Myklebust, Olav Randen, Aud Søyland, Arvid Langeland, Rutt Trøite Lorentzen, Jon Todal, Synnøve Skjong, Ingar Arnøy, Elin Bonde, Vetle Sande, Hege Lothe, Georg Arnestad, Edvin Helgheim, Øystein Skjæveland og Toyni Torbekk. Det var nok særleg kombinasjonen av ideologiske ordskifte og praktisk tilnærming som gjorde suksess. Om lag 70 menneske var med på seminaret.

**VERVEKAMPANJE** Landsmøtet i 2007 vedtok å ha ein vervekampanje der målsetjinga var å verva 10 % av medlemsmassen, altså om lag 1000 nye medlemer til det påfylgjande landsmøtet.

Frå 1. januar 2007 til 31. desember 2007 vart det verva 599 nye medlemer, av desse har 504 betalt medlempsengane til no. Det er ein oppgang i tal på betalande nyvervingar frå 2006 på 115.

Det er sendt ut medlemslister og verveoversyn jamleg, to eigne verveflygeblad er produserte og distribuerte, det er halde vervekonkurransar og det er brukt godt med plass på verving i medlemsbladet og på nettsidene. På Vestlandsrevyen fekk dei som kjøpte billett, tilbod om ein gratis medlemskap i Noregs Mållag på kjøpet.

Ei av dei største drahjelpene vervekampanjen fekk, var eit innslag i humorserien *Uti vår hage 2* på NRK. Der vart Noregs Mållag parodiert, men mediemerksemda rundt dette gav oss eit verveoppsving. 40 medlemer meldte seg inn i NM og NMU dagane etter innslaget, og då VG Nett skreiv om saka, kom det til fleire titals til utover i februar.

**STAND-PAKKE** Etter førespurnad frå fleire lokallag er det i perioden produsert ei pakke til bruk på stand, slik at lokallaga fått tilgang på ein fin og skikkeleg plakatbukk til bruk på gater og torg. Denne vert presentert på landsmøtet.

**LANDSMØTET** Landsmøtet i 2007 vart halde på Rica Hell Hotell på Værnes i Trøndelag helga 27. – 29. april. Det møtte 121 personar med røysterett og 10 gjester frå nærskylde organisasjonar. Til samanlikning var talet på utsendingar med røysterett 171 i 2006, 143 i 2005, 147 i 2004 og 120 i 2003.

Landsmøtet i Trøndelag sette nynorsk og Mållaget på kartet i eit område der det er lite nynorsk elles. Den største avisa i området, Adresseavisen, hadde store oppslag både om vitjinga på Jåren-Råbygda skule dagen før landsmøtet, og om FrP og nynorsk.

Landsmøtet hadde fleire likeverdige innleiingar dette året i staden for den vanlege hovudtalen og parallelle seminar. Emna var Frp og nynorsken (v/ Magnus Marsdal), Kva gjer talemålsendringane med argumentasjonen vår? (v/ Bjørn Karsrud), Normering (v/ Oddrun Grønvik) og Mangfald på norsk v/ Tone Bjellaanes frå likestillings- og diskrimineringsombodet). Dialekt- og normeringsemna skapte dei største ordskifta.

I leiartalen la Hege Myklebust vekt på arbeidet for nynorsk i skulen, då særleg dei store utfordringane med nynorske læremiddel i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Andre sentrale emne var innføring av nynorsk på nye område, særleg i næringslivet og media der bokmål er rådande.

Arne Johannessen fekk målprisen og Lars Moa fekk målblome. Eilev Groven Myhren fekk Nynorsk litteraturpris for *Ringdrotten* og Ragnar Hovland fekk Nynorsk barnelitteraturpris for boka *Fredlaus*.

Dei to arbeidsstipenda på 50 000 kroner kvar gjekk til Rannveig Mossige Thattai for arbeid med nynorske artiklar på Wikipedia og til An10 Boyband for eigenprodusert nynorsk rock og gjennomføring av ein konsertturné.

## *Informasjons- og mediearbeid*

I Mållaget er det leiaren som har hovudansvaret for å arbeida med presseutspel. På skrivarstova har informasjonskonsulenten eit spesielt ansvar for å arbeida med media. I tillegg er det ofte slik at dagleg leiar uttalar seg når det høver seg slik, eller andre styremedlemer på saksfelta sine.

Rett etter landsmøtet 2007 arbeidde me for å få mediemerksemd kring mangelen på språktest for innvandrarar på nynorsk. Saka vart aktuell fordi Arvind Thattai frå India, som sjølv har lært seg nynorsk i skrift og tale på eit høgt nivå, ikkje fekk lov å ta den såkalla bergenstesten på nynorsk. Noregs Mållag kontakta ulike aviser saman med Thattai, og særleg Bergens Tidende plukka opp tråden. Me skreiv òg brev til departementet med bøn om finansiering av nynorskversjon av testen. Saka vakna til live igjen i februar 2008 då Bergens Tidende på eige initiativ tok opp saka på nytt, og det er no klart at testen kjem på nynorsk.

Sidan hausten 2007 har me drive særleg mykje mediearbeid retta mot nokre utvalde saker med skulepolitisk fokus. Den eine saka var mangel på nynorske lærebøker ved skulestart. Her gjorde Norsk Målungdom eit godt stykke arbeid ved at dei arrangerte elevstreikar som fekk mykje merksemd i lokale og regionale media. Mållaget laga til underskriftskampanje for å stø kravet frå Målungdomen, og både sentrallekken og lokallaga våre gjorde sitt for å få denne saka fram i media.

I oktober priorterte styret å gå i samarbeid med Løvebakken Mållag om ei open høyring i Stortinget om dei «gløymde» skulesakene. Då inviterte Mållaget elevar og foreldre frå heile landet, som på ulikt vis har opplevd at skulen ikkje gjev den nynorskundervisning elevane har krav på, til å koma til Oslo og Stortinget for å fortelja

sine historier. Dette var eit forsøk på å samla alle desse lokale småhistoriene til noko større, og syne fram for både politikarar, utdanningsbyråkratar og pressa at dette er eit forsømt saksfelt som krev nasjonal merksemd. Arbeidet førte til at me fekk ein god del presse lokalt både i aviser og på NRK, og nasjonalt fekk den opne høyringa ei viss merksemd, men dessverre drukna høyringa i byte av statsrådar for Kunnskapsdepartementet som skjedde same ettermiddag. Noregs Mållag og Norsk Målungdom var også klare til å uttala seg då byråden i Oslo og NIFU STEP la fram sin forskingsrapport om sidemålsforsøket i Oslo i november. Denne saka har fått etterspel utover i 2008 òg, for rapporten har vore til handsaming i kultur- og utdanningskomiteen i Oslo, og det har vore arrangert to ulike seminar på bakgrunn av rapporten. Desse har fått omtale særleg i fagblad som Utdanning. Det vekte òg merksemd i media at Arbeidarpartiet snudde i saka, og ikkje vil vera med på å stø ein søknad om utvida forsøk.

Utover dette har det vore ein del tradisjonelle utspel knytt til landsmøtet, utdeling av Nynorsk næringslivspris og framlegging av statsbudsjettet. Til saman er det sendt ut 28 pressemeldingar i perioden 18.04.07 til 15.02.08. Dette er om lag som vanleg.

**MEDIEDEKKING PÅ LANDSMØTET** Mediedekkinga kan oppsummerast som mindre enn tidlegare år, men god. Presseoppslaga var færre, særleg rundt litteraturprisane. Likevel var kvaliteten god. Ordskiftet kring Frp og Mållaget før landsmøtet i Dag og Tid, Klassekampen og P2 gav fin merksemd. Adresseavisen dekte møtet med fleire saker, i tillegg til under «Det skjer» på same måten som Dagbladet i si tilsvarande spalte.

Det beste oppslaget stod på trykk i Adresseavisen opningsdagen av landsmøtet. I staden for den tradisjonelle pressekonferansen dagen før landsmøtet, prøvde me oss med eit «nynorsk-stunt» i staden. Hege Myklebust og Kjartan Helleve vitja Jåren-Råbygda skule i Skaun, den siste attverande skulekrinsen med nynorsk som opplæringsmål i Sør-Trøndelag. Hege snakka med elevane om nynorsk og dialektar, las høgt frå nynorske barnebøker, og delte ut gåver; t-skjorter, bøker og teikneseriar. Vitjinga var svært populær blant elevar og lærarar, og me har fått takkehelsing i ettertid. Adresseavisen var til stades, og det resulterte i eit heilsides oppslag med flotte fargebilete. Tiltaket må oppsummerast som vellukka, sjølv om det var irriterande at NRK Sør-Trøndelag ikkje dukka opp som lova.

Det vart registrert 137 treff i media før, under og dagane etter landsmøtet. Dette er lågare enn året før (212) og noko lågare enn dei føregåande åra (Tromsø 05: 219, Ålesund 04:182, Grimstad 03:159). Oppslaga fordelte seg slik: Målpris til Arne Johannessen: 65, Frp-ar og SV-ar inn i styret: 52, Landsmøtet generelt: 4, Litteraturprisane: 5, Målblome: 3 Fylgjande pressemeldingar vart sende ut: 50.000 i stipend til Wikipedia-administrator, Mangfald i Noregs Mållag sitt nye styre, Arne Johannessen heidra med Målprisen 2007, Gje heller ei fullverdig norskopplæring, Nynorsk barnelitteraturpris 2006 til Ragnar Hovland, Nynorsk litteraturpris til Ringdrotten, Informasjon til pressa: Magnus Marsdal til Noregs Mållag sitt landsmøte

Marit Tennø var leigd inn som medhjelpar for Kjartan Helleve til pressearbeidet. Det var til stor hjelp.

**NORSK TIDEND** Dette er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa vert sendt ut til medlemene i Noregs Mållag, Norsk Målungdom og til tingarar av avisa. Avisa kjem ut fem gonger i året, med eit samla sidetal på 120-140 sider.

Kjartan Helleve var redaktør for dei tre fyrste utgåvene i 2007. Frå og med nr. 4 /2007 var Hege Lothe tilbake som redaktør. Frå september held Kjartan Helleve fram som informasjonskonsulent og har difor halde fram med å levere artiklar og bilete til avisa. Dette har gjeve eit lyft til arbeidet med Norsk Tidend. Det er eit knippe skribentar som får honorar for tekstar og bilete i avisa. I redaksjonen sit Magnus Bernhardsen, Jens Kihl, Eva Marie Mathisen og Kjartan Helleve. Dette er ulønna.

Avisa har desse faste spaltene: Media av Tarjei Vågstøl, dagleg leiar i Kringkastingsringen, NMU av Jens Kihl, leiar i NMU, Leiarteigen av Hege Myklebust, leiar i Noregs Mållag og Kleiva av Anna Kleiva. Nye skribentar er Marit Aakre Tennø som skriv om Internett i spalta Veven og Hilde Myklebust som skriv om bøker i bokevja. Hausten 2007 og våren 2008 er det språkstafett med ulike innlegg om normering. Dessutan lagar Laurits Killingbergtrø eit nytt kryssord til kvar avis, medan Samlaget låner ut spørsmål og svar til «20 om språk»-spalta, og det er no kjøpt inn eit puslekryss for born frå Norsk Barneblad. Norsk Tidend tek mål av seg til å gje ei heilskapleg framstilling av kva som rører seg både innanfor målrørsla og med målsaka elles i samfunnet. Det skal vera nyttig å lesa Norsk Tidend for dei som vil fylgja med på utviklinga for nynorsken og språkpolitikk i Noreg. Men avisa skal også vera underhaldande og gje nye idear og kveik til medlemene våre.

I kvart nummer av Norsk Tidend vert det sendt med gåvegiro eller loddgiro. Dette er ei viktig inntektskjelde for Noregs Mållag. Desse gjevarane vert takka med namn på eigne gåvesider i avisa. Etter framlegg frå lesarar har me gått vekk frå å skrive gåvesummen frå kvar enkelt. Etter denne omlegginga ser det ut til at det har vore ein oppgang i tal på gjevarar. Trass i at det er høge portokostnader knytt til utgjevinga av medlemsavis, gjev avisa også gode inntekter til organisasjonen.

Den viktigaste funksjonen til Norsk Tidend er at ho er ein fast informasjonskanal til kvar enkelt medlem i Noregs Mållag.



*Hege Myklebust deler ut gåver til elevar ved Jåren-Råbygda skule. (Foto: Kjartan Helleve)*

**HEIMESIDENE** Adressa til nettsidene til Noregs Mållag er www.nm.no. Desse sidene skal vera både ein utoverretta nyhendeportal og ein intern organisasjonsportal. Nettsidene skal vera ein stad der ein kan få oppdatert informasjon om Mållaget både for dei som arbeider med målsak jamleg og dei som tilfeldigvis er innom. Det vert jamt arbeidd med å utvikla sidene både i struktur og innhald. Sidene vert stort sett oppdaterte med aktuelle saker fleire gonger i veka, både pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyringsfråsegner og andre aktuelle tekstar.

På nyåret 2008 har me lagt ut meir informasjon på nettsidene. Mykje av dette er henta frå dei gamle nettsidene. Stoffet vert oppdatert med nye lenkjer og ny informasjon før det vert lagt ut på dagens sider. Samstundes som me har lagt ut meir informasjon, har me gjort nokre endringar i strukturen på nettsidene. Det er laga ein eigen knapp som heiter: For lokallaga. Der kan laga lasta ned årsmeldingsskjema, påmeldingsskjema til landsmøte og fullmaktskjema. Her kan laga også få tips og råd til økonomiarbeid, studiearbeid og verving. Det er eit mål at laga skal finna nyttig informasjon når dei går innom denne sida.

Då Noregs Mållag gjekk over til nye nettsider på nyåret i 2006, var det tenkt at sidene også skulle gje rom for at fylkes-, yrkes- og lokallag skulle få seg eigne nettsider. I 2007 har det kome i gang eit pilotprosjekt med lokallagssider. Dei laga som har kome best i gang, er Mediemållaget og Nordmøre Mållag. Det er laga ein eigen brukarmal for nye brukarar av publiseringssystemet, og yrkesmållaga har alt hatt ei samling der dei har fått opplæring. Framovver må det arbeidast meir med opplæring slik at fleire lag kan få eigne nettsider.

I det komande arbeidsåret bør ein vurdera kor lett det er å læra publiseringssystemet og kor greitt det er å få oppdatert lagssidene i det daglege. Utifrå desse vurderingane lyt ein sjå om ein skal gå inn på andre og kanskje enklare publiseringssystem for lokallaga. Samstundes som det vert arbeidd med dette pilotprosjektet, vil skrivarstova arbeida med å leggja ut meir stoff om kvart lokallag i lokallagsoversynet. Slik vert det lettare for vanlege brukarar å finne aktive tillitsvalde i sitt lokalmiljø, anten laga har eigne heimesider eller ikkje.

Heimesidene har frå tusen til femten hundre unike brukarar innom kvar dag. I snitt er kvar brukar innom 11 ulike sider. I etterkant av serien Uti vår hage merka me ein stor pågang av nyinnmeldingar på nettsidene våre. Nettsidene ser dermed ut til å fungera som ein viktig informasjonskanal frå og til Mållaget. Eit anna godt brukt nettilbod, er Krambua. Her kan ein tinga både bøker, materiell og profileringstilfang, og Krambua har hatt nær 200 kundar årleg dei siste åra.



*Debatt på haustseminaret om nynorsken og Sogn og Fjordane: Frå venstre Georg Arnestad, Eivind Helgheim, Vetle Sande og Hege Lothe. (Foto: Kjartan Helleve)*

**PRESSEMELDINGAR**
• Magnus Marsdal til Noregs Mållag sitt landsmøte, 18.4.07.
• Informasjon til pressa (om landsmøtet i Noregs Mållag), 26.4.07.
• Nynorsk litteraturprisen til Ringdrotten, 27.4.07.
• Nynorsk barnelitteraturpris 2006 til Ragnar Hovland, 27.4.07.
• - Gje heller ei fullverdig norskopplæring, 27.4.07.
• Arne Johannessen heidra med Målprisen 2007, 28.4.07.
• Mangfald i Noregs Mållag sitt nye styre, 29.4.07.
• 50.000 i stipend til wikipedia-administrator, 03.5.07.
• Magnfald på norsk, 04.5.07.
• Noregs Mållag stør LO-krav om norsk i styrearbeid, 09.5.07
• Nynorske lærebøker til jul?, 20.5.07.
• Barneskuleelevar i Odda vil ha nynorsk, 17.8.07.
• Mållaget ønskjer kandidatar til Nynorsk næringslivspris 2007, 30.08.07.
• Noregs Mållag vil ha nynorsk talemål i NRK, 05.09.07.
• Velkomen budsjettauke, 06.09.07.
• Noregs Mållag gratulerer: Snåsa blir tospråkleg, 20.09.07
• Endeleg dagbøter til forlaga!, 03.10.07. (saman med NMU)
• Solid nynorskbudsjett, 05.10.07.
• Open høyring i Stortinget, 12.10.07.
• Byrådet i Oslo stryk i sidemål, 21.11.07 (saman med NMU)
• Fem finalistar til Nynorsk næringslivspris 2007, 30.11.07
• Finn Bergesen jr. deler ut Nynorsk næringslivspris, 04.12.07
• Nynorsk næringslivspris til Hotel Alexandra, 06.12.07.
• Krev to eksamensdagar, 16.01.08.
• Krev dagbøter for manglande nynorskbøker, 23.01.07.
• Medlemsboom i Mållaget, 11.02.07.
• Siger for elevane: Betre nynorskopplæring i Oslo, 15.02.08. (saman med NMU)

**DEBATTINNLEGG**
- Kva er mangfald?, Hege Myklebust, Morgenbladet, 09.02.07
- Noreg er meir enn Oslo Lufthavn, Hege Myklebust, Morgenbladet 16.02.07,
- Mange dinosaurar i Mållaget, Morgenbladet 04.05.07
- Kva vil Sirnes og Bungum? Hege Myklebust, lesarbrev om Hafstadgranskinga, Sunnmørsposten, 21.5.07
- Kva vil Sirnes og Bungum? Hege Myklebust, lesarbrev om Hafstadgranskinga, Firda, 21.5.07
- Dårleg språkforslag frå Finnmark fylke, Todal, innlegg i Nordlys, 24.05.07
- Nokon kjem til å tru (svar til Anne Viken), Hege Myklebust, innlegg i Bergens Tidende, juni 07
- Nynorsk svarteper, kronikk i Stavanger Aftenblad, desember
- Eit betre framlegg om sidemål, Hege Myklebust, innlegg i Aftenposten, 10.01.08
- Eit betre framlegg om sidemål, Hege Myklebust, innlegg i Østlandsposten, 15.01.08.
- Useriøst om språk, Jon Todal og Reza Rezaee, innlegg i Klassekampen, 28.01.08
- Siger for elevane: Betre nynorskopplæring i Oslo, Hege Myklebust, Bladet Utdanning, 18.02.08.

**PRESSEOPPSLAG** I løpet av året har det vore ei heil rekkje oppslag i media om Mållaget og med utspel frå Mållaget. I det daglege arbeidet er styret oppteke av at Mållaget skal markera seg som ein aktør i samfunnsdebatten. Det er også viktig å nå ut i media med våre saker, for å få meir gjennomslag i til dømes politiske organ lokalt og nasjonalt. me har sett saman ei liste med nokre av presseoppslaga i perioden.

I denne årsmeldinga tek me ikkje for oss kva slag presseoppslag fylkes-, yrkes- og lokallaga våre har fått til. Det er fleire lag som arbeider godt med pressa, og det kan sjå ut til at det er mange lag som er opptekne av å ha eit godt forhold til pressa. Dette er veldig bra og gjev Mållaget mykje positiv omtale gjennom året.

Lista er sett opp med dato, stikkord om saka, kven i Noregs Mållag som vart intervjua og kvar saka har vore på trykk. Denne lista strekkjer seg frå 7. februar 2007 til 1. mars 2008.



*Tre redaktørar på presseseminar i Ivar Aasen-tunet i november: Frå venstre ansvarleg redaktør i Sunnmørsposten Hanna Relling Berg, redaktør i Nationen Tove Lie og Olav Kobbeltveit i Bergens Tidende. (Foto: Hege Lothe)*

28.04.07 Målpris til Johannessen, Myklebust, NTB, NRK Nyhende
29.04.07 FrP-ar inn i Mållagsstyret, Myklebust, NRK Nyhende, NTB
29.04.07 Målpris til politi-Arne, Myklebust, NRK Sogn og Fjordane
30.04.07 Hovland fekk nynorskpris, NRK Sogn og Fjordane
08.05.07 Sak om bergenstesten, Myklebust, BT, Klassekampen
16.05.07 Sak om å byte samisk mot nynorsk, Myklebust, NRK Finnmark
17.05.07 Same sak sendt på NRK P2, Kulturnytt
18.05.07 Debatt om saka, Trond Trosterud for Mållaget, NRK P2 Dagsnytt Atten
19.05.07 Vil bytte nynorsk med samisk, Myklebust, Utdanning
20.05.07 Intervju om nynorske lærebøker, Morken Endresen, NRK Møre og Romsdal
21.05.07 Krever like mye nynorsk som bokmål, Myklebust, Dagbladet
21.05.07 Krever nynorske lærebøker til skolestart, Myklebust, NTB + 43 andre kjelder
24.05.07 Om manglande læremiddel og tekstheftet til ungdomsskuleeksamen Myklebust, Dag og Tid
29.05.07 Ut av Mållaget, Myklebust, Nationen
31.05.07 Meir nynorsk i riksrevisjonen, Myklebust, Dag og Tid
04.06.07 – Nynorsk er valgflesk, Myklebust, NRK Dagsnytt
08.06.07 Debatt i ein time direktesending, mot Torbjørn Røe Isaksen om valfritt sidemål, Myklebust, NRK P1 Rett på
15.06.07 Målprisen til Arne Johannesen, Myklebust, Bergens Tidende,
20.06.07 Vekk med bokmålet, Myklebust, Haugesunds Avis
26.06.07 Skjerpar nynorskkrava, Myklebust, Bergens Tidende
10.07.07 Intervju om læremiddelstoda til hausten, Myklebust, NRK P2 Kulturnytt
21.08.07 Intervju om næringslivsprisen, Rekve, Nationen
20.08.07 Opptur for nynorsken, Myklebust, Haugesunds Avis
27.08.07 Elevar streikar for nynorske lærebøker, Myklebust og Kihl, NRK Sogn og Fjordane, NRK Møre og Romsdal, NRK Sørlandet
27.08.07 Streiker for nynorske skolebøker, Vestby Avis, Ås Avis, Lofot-Tidende, Tidens Krav, Lofotposten, Halden Arbeiderblad, Fremover, Tvedestrandposten, Jarlsberg, Porsgrunn Dagblad, Østlands-Posten, Finnmarken, Finnmark Dagblad, Bygdeposten, Oppland Arbeiderblad, Telemarksavisa, Hadeland, Fædrelandsvennen, Helgeland Arbeiderblad, Sogn Avis, Indre Akershus Blad, Opdalingen, Akershus Amtidende, Glåmdalen, Stjørdals Blad, Hardanger Folkeblad, Firdaposten, Øyene, Moss Dagblad, Ringerikes Blad, Nordlys, Aura Avis, Demokraten, Namdalsavisa, Sarpsborg Arbeiderblad, Arbeidets Rett, Smaalenenes Avis, Halden Dagblad, Rogalands Avis, Rana Blad, Enebakk Blad, Bergensavisen, siste.no
27.08.07 Streikar for nynorske lærebøker, Myklebust og Kihl, Firda
29.08.07 Streik for nynorske læremiddel, Myklebust og Kihl, Utdanning
30.08.07 Streiker for nynorske skolebøker, Myklebust og Kihl, Stavanger Aftenblad, Gudbrandsdølen Dagningen, Kommunal Rapport, Aust Agder Blad,
30.08.07 Streika for nynorske læremiddel, Lothe, NRK Sogn og Fjordane, NRK P1 Dagsnytt
30.08.07 Streik for nynorsk læremiddel, Myklebust, NRK Møre og Romsdal
31.08.07 Streika for nynorske læremiddel, Lothe, Firda Tidend
06.09.07 Nøgde med målpengar, Morken Endresen, Firdaposten
06.09.07 Seks millionar ekstra til nynorsken, Adresseavisen, ABC Nyheter, Firda, Lofotposten, NRK Møre og Romsdal
07.09.07 Lærer nynorsk av filosofene, Aftenposten

14.09.07 I streik mot grov diskriminering, Myklebust, Sunnhordland
16.09.07 Vil lage ny nynorsk, Myklebust, Dagsavisen
02.10.07 – Mållova må opp på høgt leiarnivå, Rekve, Nationen
04.10.07 – Endeleg dagbøter til forlaga, Myklebust, Utdanning
06.10.07 Nøgd med statsbudsjettet, Myklebust, Ukeslutt, NRK P1 og P2
06.10.07 Verdens heldigste regjering? Myklebust, NA24
06.10.07 Nynorsken styrkt i statsbudsjettet, Hallingdølen
08.10.07 Satsar på nynorsk, Myklebust, NRK Sogn og Fjordane
09.10.07 Nøgd med nynorskbudsjettet, Myklebust, Utdanning
11.10.07 Seier ja til enklare nynorsk, Myklebust, Sunnhordland
15.10.07 Høyring om nynorsk i skulen, Myklebust, Utdanning
17.10.07 Innslag om den opne høyringa, Myklebust, NRK Trøndelag
18.10.07 - Skolen svikter nynorskelevene, Arnøy, Dagsavisen
18.10.07 Mosjølærer diskuterer nynorsk på Løvebakken, Arnøy, Helgeland Arbeiderblad
19.10.07 Innslag om den opne høyringa, Myklebust, NRK Kulturnytt
15.11.07 Må få synleg forlagssjef, Myklebust, Klassekampen
20.11.07 Elis og Alexandra nominert til pris, Rekve, Firda
21.11.07 Innslag om sidemålsforsøket i Oslo, Morken Endresen, NRK Kveldsnytt
21.11.07 Debatt om sidemålsforsøket i Oslo, Jens Kihl, NRK P1 Dagsnytt Atten
22.11.07 Byråden i Oslo stryk i sidemål, Myklebust, Utdanning
22.11.07 Kutta nynorsk – fikk betre karakterar, Myklebust, ABC Nyheter
23.11.07 Vil ha meir barne-TV på nynorsk, Myklebust, Sunnhordland
23.11.07 Krass kritikk av nynorskforsking, Myklebust og Kihl, Dagsavisen
26.11.07 Nettmøte med Hege Myklebust. Avisa Sunnhordaland. Ho måtte svara på alt frå om det ikkje var betre å lære seg swahili til om det er nokon god idè å sitje i sentralstyret til NMU.
06.12.07 Hotell får nynorskpris, Rekve, Sogns Avis
06.12.07 Nynorskpris til Alexandra, Rekve, Firdaposten
06.12.07 Nynorskpris til Alexandra, Rekve, NRK Sogn og Fjordane
12.12.07 Misliker Garborgplanar, Myklebust, NRK Rogaland
12.12.07 – Garborg-senteret lyt liggja fritt, Myklebust, Stavanger Aftenblad
16.01.08 Krev to eksamensdagar, Myklebust, Vikebladet Vestposten
23.01.08 Protesterer mot dagbøter, Myklebust, NRK Hordaland
23.01.08 Oppslag i Dagbladet om Uti vår hage, Morken Endresen, Dagbladet
Morken Endersen, NRK Østlandssendinga om sidemål og gruppemøte
08.02.08 Oslo-elever må lærenynorsk, Morken Endresen, NRK Østlandssendinga
08.02.08 Hagehumor gav nynorskboom, Morken Endresen, VG
08.02.08 Grandiosa-låten nå på nynorsk. Mållaget jubler, Morken Endresen, VG Nett
08.02.08 Medlemsboom for Mållaget, Morken Endresen, ABC Nyheter, NRK Østlandssendingen,
08.02.08 Nazihumor utløste nynorsksympati, NRK Kulturnytt
11.02.08 Intervju om medlemsboom, Morken Endresen, Frukost-TV på NRK 1
11.02.08 Intervju om medlemsboom, Bernhardsen, NRK 2
11.02.08 «Ut i vår hage gir medlemsboom», Trønder-Avisa, Aftenposten, Avisa Nordhordland, Halden Arbeiderblad, Lofotposten, NRK Møre og Romsdal
13.02.08 Nynorskfolket tåler en fleip, Kihl, Nationen
14.02.08 UiA oppfyller ikke krav om målform, Myklebust, Nova Nyheter
15.02.08 Nynorskopplæringen i Oslo skal styrkes, Myklebust, Utdanning
15.02.08 Framgang for nynorsk og kronprinstale på nynorsk, Myklebust, Bergens Tidende
16.02.08 På nattbord-spalta, Helleve, Dagens Næringsliv
18.02.08 Siger for elevane: Betre nynorskopplæring i Oslo, Myklebust og Kihl, Utdanning
20.02.08 Munnleg kamp, Morken Endresen, Universitas
20.02.08 På tide å samarbeida om Garborgsenteret, Myklebust, Jærbladet
28.02.08 Målrørsla er kraftig splitta (om normering), Myklebust og Søyland, NRK Sogn og Fjordane
05.03.08 Ventar Aftenposten-nynorsk, Myklebust, Nationen

# Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

## *Heiderslagsmedlemer*

Heiderslagsmedlemer i Noregs Mållag er no Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen, Magne Rommetveit, Bjørnar Østgård, Marie Lovise Widnes, Audun Heskestad og Berge Furre.

## *Styret og arbeidsutvalet*

Styret og arbeidsutvalet i arbeidsåret har vore:

*Leiar:* Hege Myklebust (AU)
*Nestleiar:* Åsmund Lien (AU)
*Styremedlemer:* Morten Søberg (AU), Berit Rekve, Jon Todal, Aud Søyland og Jens Kihl (NMU).
*Varamedlemer:* 1. Helge André Njåstad, 2. Reza Rezaee, 3. Anne Marit Godal, 4. Anne Elise Winterhus, Morten Elster (NMU) og Synnøve Midtbø Myking (NMU).

Styret har hatt 7 møte og handsama kring 90 saker når arbeidsåret er over. Dei viktigaste sakene i styret har vore skulepolitiske saker, nytt treårig arbeidsprogram, verve- og informasjonsarbeid,

Arbeidsutvalet har hatt 5 møte og handsama kring 25 saker når arbeidsåret er over. AU har også hatt ein del uformell kontakt på telefon og epost.

Hege Myklebust har vore frikjøpt i 50 prosent stilling i arbeidsåret. Eit par andre styremedlemer har vore frikjøpte nokre få arbeidsdagar i samband med konkrete oppgåver.

## *Landsrådet*

Landsrådet har hatt eitt møte og drøfta 8 saker. Dei viktigaste sakene har vore skulepolitikk, sidemålet i Oslo og nytt arbeidsprogram.

Landsmøtet vedtok i 2007 at Landsrådet skulle redusera møta sine frå to til eitt i året. Dette har vore det fyrste året med eitt møte seint på hausten i staden for møte i september og januar, slik tradisjonen har vore. Det er for tidleg å seia om omlegginga har verka inn på samarbeidet mellom dei ulike delane av organisasjonen.

## *Valnemnda*

Valnemnda i arbeidsåret har vore:

*Leiar:* Karstein Bjørge
*Medlemer:* Elisabeth Bakke, Anne Austad, Bjørnar Østgård, Hans Petter T. Strøm de Fine (NMU)
*Varamedlemer:* 1. Gunnar Hæreid, 2. Veronika Bonaa, 3. Unn Røyneland, Vebjørn Sture (NMU) og Maria Kristine Svendsen (NMU)

Norsk tenestemannslag fekk i haust både handlingsplan, vedtekter og prinsipprogram på nynorsk. Forbundet har i overkant av 46 000 medlemer.

## *Skrivarstova*

Tilsette i arbeidsåret har vore:

*Dagleg leiar:* Gro Morken Endresen
*Økonomikonsulent:* Berit Krogh
*Informasjonskonsulent*: Hege Lothe (permisjon til 1. september 2007)
*Informasjonskonsulent:* Kjartan Helleve (60 % 1. sept – 31. des, 80 % frå 1. januar 08)
*Skulemålsskrivar:* Ingar Arnøy
*Organisasjonskonsulent:* Magnus Bernhardsen
*Fyrstesekretær:* Else Elise Sætre Bullus (50 %)
*Datakonsulent:* Tarjei Vågstøl (20 %)

## *Nemnder og utval*

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2007-2008. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

**NEMND FOR NYNORSK BARNELITTERATURPRIS**
Eirik Vassenden, 05-08
Nana Rise-Lynum, 06-09
Sofie Braut, 07-10

**NEMND FOR NYNORSK LITTERATURPRIS**
Morten Haugen 05-08

**FONDET FOR NORSK MÅLREISING**
Hallgrim Berg, 03-07, 07-09
Håvard Teigen, 03-07, 07-09
Toril Nicolaisen, 03-07, 07-09

**RÅDET FOR NYNORSK KULTURSENTRUM**
Grete Riise, 01-07, 07-09

**STIFTINGA MAGASINETT**
Viviann Kjøpstad, 07-09

**RÅDET FOR NORSK BARNEBLAD**
Gro Morken Endresen, 05-07, 07-09
Ingeborg Mjør, 05-07, 07-09

**STYRET FOR NORSK BARNEBLAD**
Kjartan Helleve, 07-09

**STIFTINGA PIRION**
Viviann Kjøpstad, 07-09

**MÅLPOLITISK RÅD FOR DET NORSKE TEATRET**
Rutt Trøite Lorentzen, 01-07, 07-09
Nils Moldøen, 06-08
Magni Øvrebotten, 02-06, 06-08
Ragnhild Vannebo, 06-08
Endre Brunstad, 07-09
*Vara:*
Paul Ottar Haga, 03-07, 07-09
Ragnhild Bjørge, 07-09

**NYNORSK PRESSEKONTOR**
Jan Atle Stang, 03-07, 07-09
Håvard Teigen, 06-08
*Vara:*
Sjur Mossige, 07-09
Sindre Humberset, 07-08

**HALLDOR O. OPEDALSFOND**
Kåre Lilleholt, 04-08
Vara: Marie Morken, 04-08

**AKADEMIFONDET I RAULAND**
Rune Christenson, 07-09

**SANDEFJORD OG SANDARS LEGAT**
Håvard Teigen, 05-08

**OSLO NYE SPAREBANKS FOND**
Håvard Teigen, 04-07, 07-10
Vara: Erik Bolstad, 04-07, 07-10

**ANNE RØFLO LONGVA OG ALF ANDRE LONGVAS FOND**
Håvard Teigen, 02-06, 06-08
Vara: Toril Nicolaisen, 02-06, 06-08

**RIKSFONDET FOR NYNORSK PRESSE**
Johann Roppen, 05-07
Inger Johanne Sæterbakk, 07-09
Erling Lægreid, -09

**VESTMANNAFONDET**
Åsmund Lien, 06-08

**JURY FOR NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS**
Berit Rekve (leiar)
Jørn Lekve
Christian Sulheim
Anne Karin Sveinall
Liv Krumsvik



*God stemning etter høyringa i Stortinget. (Foto: Kjartan Helleve)*

# *Reiseverksemda*

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

| **Dato** | **Stad** | **Tilskiping** | **Representant** |
|---|---|---|---|
| 15.3.2007 | Aure | Møte med Aure Mållag om skulemålsrøysting | Arnøy |
| 17.3.2007 | | Årsmøte i Mållaga på Agder | Lien |
| 19.3.2007 | Trondheim | Møte med Sør-Trøndelag fylke om ungdomsskulen | Arnøy |
| 21.3.2007 | Fjell | Møte med Fjell kommune om ungdomsskulen | Arnøy |
| 21.3. 2007 | Oslo | Pressekonferanse Dei nynorsk festspela | Helleve |
| 27.3.2007 | Stavanger | Møte med Stavanger Mållag | Søberg |
| 28.3.2007 | Stavanger | Møte med skulemålsnemnda Rogaland Mållag | Arnøy |
| 12.-13.4.2007 | Suldal | Jubileumsmarkering for Rasmus Løland | Myklebust |
| 13.-14.4.2007 | Oslo | Jubileumsmarkeringar Per Sivle | Endresen |
| 3.5.2007 | Tingvoll | Møte med Tingvoll Mållag | Arnøy |
| 4.5.2007 | | Møte med Ogndal Mållag | Arnøy |
| 8.5.2007 | Stavanger | Møte med skulemålsnemnda Rogaland Mållag | Arnøy |
| 9.5.2007 | Arna | Møte med foreldre til nn-elevar Lone skule | Arnøy |
| 10.5.2007 | Skien | Møte med utdanningsdirektøren i Telemark | Arnøy |
| 14.5.2007 | Bergen | Møte med utdanningsdirektøren Hordaland | Arnøy |
| 22.5.2007 | Oslo | Nynorskurs Oslo Katedralskole | Arnøy |
| 23.5.2007 | Knarvik | Ope møte, Alversund Mållag | Arnøy |

| Dato | Stad | Tilskiping | Representant |
|---|---|---|---|
| 24.5.2007 | Stavanger | Møte med foreldre på Kampen om nynorskklasse | Arnøy |
| 29.5.2007 | Stavanger | Møte med foreldre på Ullandshaug om nynorskklasse | Arnøy |
| 30.5.2007 | Oslo | Møte med Sagene skole: om nynorskklasse Sagene skole | Arnøy |
| 30.5.2007 | Oslo | Møte med Utdanningsdirektoratet v/ direktør Skarheim | Myklebust, Endresen |
| 09.6.2007 | Bergen | Møte med Hordaland fylke, opplæringsavd. om målbyte | Arnøy |
| 12.6.2007 | Oslo | Forum for nynorsk i skolen | Endresen |
| 14.6.2007 | Skien | Generalforsamling Dag Bondeheim | Endresen |
| 15.6.2007 | Meland | Appell på ungdomsskulane om å halda på nynorsken | Endresen |
| 19.6.2007 | Masfjorden | Møte med ordførarar Nordhordland | Arnøy |
| 20.6.2007 | Oslo | Læremiddelgruppa Utdanningsdirektoratet | Endresen |
| 23.-25.6.2007 | Oslo | Årsmøte i Noregs Ungdomslag | Myklebust |
| 27.-30.6.2007 | Ørsta – Volda | Dei nynorske festspela | Endresen |
| 29.6.2007 | Molde | Møte med utdanningsavd. i Møre og Romsdal fylke | Endresen, Kihl |
| 12.7.2007 | Risør | Sumarleiar i Norsk Målungdom | Myklebust |
| 14.8.2007 | Bergen | Møte med Hordaland fylke | Arnøy |
| 16.8.2007 | Ås | Møte med lærarar Ås vgs, positivt sidemålsforsøk | Arnøy |
| 23.8.2007 | Oslo | Møte med Kunnskapsdepartementet om læremiddel | Endresen |
| 24.8.2007 | Stavanger | Norskkurs Forus vgs | Arnøy |
| 25.6.2007 | Steinkjer | Møte om trugsmål om skulenedlegging | Arnøy |
| 27.8.2007 | Oslo | Medlemsmøte i Frivillighet Norge | Rekve |
| 27. 29.8.2007 | Vågå | Landsting for Landssamanslutninga av nynorskkommunar | Myklebust |
| 05.9.2007 | Oslo | St. Olavs orden til Guri Vesaas | Rekve |
| 06.9.2007 | Oslo | Pressekonferanse om nynorskpakke i statsbudsjettet | Endresen |
| 13.9.2007 | Stord | Læremiddelstreik på Stord vgs | Myklebust, Kihl |
| 13.9.2007 | Radøy | Møte med lokallag Nordhordland | Arnøy |
| 14.9.2007 | Bergen | Møte med Hordaland fylke, opplæringsavd. om målbyte | Arnøy |
| 20.6.2007 | Tinn | Møte med Tinn Mållag, mogleg røysting Attrå skule | Arnøy |
| 22.9.2007 | Oslo | Møte Noregs Lærarmållag | Arnøy |
| 25.9.2007 | Bergen | Årstalen for nynorsk skriftkultur | Myklebust |
| 26.9.2007 | Bergen | Møte med Stageway om samarbeid om Vestlandsrevyen | Myklebust |
| 26.9.2007 | Kvinesdal | Folkemøte, røysting Kvinlog skule | Arnøy |
| 18.10.2007 | Oslo | Møte i Nynorsk forum | Endresen, Myklebust |
| 18.10.2007 | Oslo | Open høyring på Stortinget om skulepolitikk | Myklebust, Endresen, Helleve, Arnøy, Bernhardsen |
| 19.10.2007 | Kristiansand | Kurs Sørlandske lærarstemna | Arnøy |
| 23.10.2007 | Oslo | Utdeling av Kringkastingsprisen | Rekve, Endresen, Helleve |
| 23.10.2007 | Stavanger | Møte med Utdanningsforbundet i Rogaland | Arnøy |
| 24.10.2007 | Bergen | Møte med Utdanningsforbundet i Hordaland | Arnøy |
| 24.10.2007 | Stavanger | Nynorskkurs Målsiddisane | Arnøy |
| 25.10.2007 | Oslo | Møte med Microsoft v/ kommunikasjonsdirektør Solheim | Endresen |
| 27.10.2007 | Oslo | Nynorskkurs skulemålskonferanse NMU | Arnøy |
| 29.10.2007 | Oslo | Møte i Nynorsk forum | Endresen |
| 29.-30.10.2007 | Molde | Nærmiljøkonferansen (Landslaget for nærmiljøskulen) | Arnøy |
| 30.10.2007 | Oslo | Møte i læremiddelgruppa i Utdanningsdirektoratet | Endresen |
| 31.10.2007 | Vennesla | Føredrag kulturkveld Vennesla Mållag | Arnøy |
| 1. – 3.11.2007 | Kristiansand | Konferanse om normering | Søyland |
| 2.11.2007 | Bergen | Premiere Vestlandsrevyen | Myklebust |
| 3.11.2007 | Oslo | Jubileumskonferanse Mediemållaget | Endresen |
| 3.11.2007 | Oslo | Jubileumsmiddag, Mediemållaget 30 år | Søyland |
| 3.-9.11.2007 | Stord | Falturiltu, nynorsk barnelitteraturfestival | Myklebust |
| 7.-8.11.2007 | Volda | Konferanse om nynorsk pressehistorie | Endresen, Lothe |
| 9.11.2007 | Målselv | 60-årsjubileum Målselv Mållag | Arnøy |
| 9.11.2007 | Målselv | Møte med Olsborg skole, sidemålsforsøk | Arnøy |

| Dato | Stad | Tilskiping | Representant |
|---|---|---|---|
| 10.11.2007 | Sunndalsøra | Inspirasjonsmøte Nordmøre Mållag | Rekve |
| 12.11.2007 | Oslo | Møte med adv.Haavind og Vislie om rettssaka i Sandnes | Endresen, Arnøy, Astad (Sandnes Mållag) |
| 13.11.2007 | Fjellhamar | Nynorskkurs for lærarar i ungdomsskulen | Arnøy |
| 15.11.2007 | Oslo | Språkdagen (skipa til av Språkrådet) | Rekve, Endresen, Krogh |
| 17.11.2007 | Oslo | Halldis Moren Vesaas-markering i høve jubileet | Myklebust |
| 16.-18.11.2007 | Oslo | Landsmøte i Nei til EU | Myklebust |
| 26.11.2007 | Steinkjer | Møte med Vålen skole, 100-årsjubileum | Arnøy |
| 27.11.2007 | Trondheim | Møte med Nidaros Mållag | Arnøy |
| 27-28.11.2007 | Trondheim | Nynorskkurs lærarutdanninga HIST | Arnøy |
| 28.11.2007 | Oslo | Forum for nynorsk i skolen | Endresen |
| 29.11.2007 | Bergen | Møte med Utdanningsforbundet Hordaland, avd vgs | Arnøy |
| 06.12.2007 | Oslo | Utdeling av Kulturrådet sin ærespris til Jon Eikemo | Myklebust, Rekve, Endresen |
| 12.12.2007 | Oslo | Seminar hjå NIFU STEP om sidemålsrapporten | Bernhardsen |
| 13.12.2007 | Oslo | Rådsmøte Norsk Barneblad | Endresen, Helleve |
| 8.1.2008 | Stavanger | Nynorskkurs Forus vgs | Arnøy |
| 21.1.2008 | Oslo | Møte med NRK v/ kringkastingssjef Bjerkaas | Endresen, Rekve |
| 1.2.2008 | Oslo | Møte med kunnskapsminister Solhjell | Endresen |
| 4.2.2008 | Oslo | Møte i læremiddelgruppa i Utdanningsdirektoratet | Endresen |
| 8.2.2008 | Oslo | Møte med Den katolske kyrkja v/ biskop Eidsvig | Endresen |
| 14.2.2008 | Oslo | Sidemålsseminar, Nynorsksenteret og Universitetet i Oslo | Myklebust, Endresen |
| 17.2.2008 | Manger | Årsmøte i Radøy Mållag | Myklebust |
| 23.22008 | Oslo | Samling for yrkesmållaga | Rekve, Bernhardsen |
| 1.3.2008 | Volda | Årsmøte Sunnmøre Mållag | Bernhardsen |
| 5.3.2008 | Oslo | Møte i Forum for nynorsk i skolen | Endresen |
| 6.3.2008 | Oslo | Møte med Norske lagsbruk | Endresen |
| 8.3.2008 | Seljord | Årsmøte og 100-årsjubileum i Telemark Mållag | Arnøy |
| 9.3.2008 | | Årsmøte i Karmsund Mållag | Bernhardsen |
| 9.3.2008 | Fagernes | Årsmøte i Valdres Mållag | Søyland |
| 10.3.2008 | Bergen | Møte med Utdanningsforbundet Hordaland, avd vgs | Arnøy |
| 11.3.2008 | Fusa | Møte om norskopplæring for vaksne innvandrarar | Arnøy |
| 13.3.2008 | Molde | Møte med redaktørar lokalaviser i Romsdal og Nordmøre | Arnøy |
| 13.3.2008 | Oslo | Møte med Kommunenes Sentralforbund | Endresen |
| 27.3.2008 | Oslo | Årsmøte i Frivillighet Norge | Rekve |
| 27.3.2008 | Osterøy | Årsmøte i Osterøy Mållag | Myklebust |
| 28.–30.3.2008 | Voss | Landsmøte i Norsk Målungdom | Myklebust |
| 29.–30.3.2008 | Voss | Årsmøte i Hordaland Mållag | Myklebust |
| 29.3.2008 | Stavanger | Årsmøte i Rogaland Mållag | Rekve |

# Økonomi

## *Økonomiarbeidet*

Dei viktigaste inntektene for målrørsla både lokalt og sentralt er i dag knytt til årspengar, gåver og sal av ymse artiklar, alt saman inntekter som i hovudsak kjem frå medlemene. Men sjølv om medlemstalet er svært stabilt og til og med svakt aukande, er inntektene altfor konstante til å halda tritt med den kostnadsutviklinga som følgjer av auka drifts- og lønskostnader. Dei siste to åra har me vore så heldige og fått eit naudsynt og kraftig lyft i statsløyvinga vår på totalt 700 000 kroner, eit lyft som var heilt naudsynt for at Mållaget skal kunna halda drifta på dagens nivå også dei næraste åra. Det har gjort at driftstilskotet nærmar seg ein tredel av dei samla inntektene våre, og Mållaget bør sjå på korleis andre inntektskjelder kan auka i takt med statsløyvinga slik at me held fast ved den økonomisk frie stillinga me har hatt i heile historia vår.

**KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN** Rekneskapen for 2007 viser eit overskot på kr 177 000, medrekna finansinntekter. Det var budsjettert med eit overskot på kr 132 000 som styret i seinare revisjonsvedtak reduserte til eit underskot på 261 000. Revisjonsvedtaket la opp til ei investering i nytt medlemsregister på 550 000 kroner. Registeret var ferdig utvikla vinteren 2008 og sluttprisen vart noko høgare enn budsjettert. Når rekneskapen for 2007 likevel viser eit overskot, er det fordi ein del av investeringskostnaden vil koma på rekneskapen for 2008. Overskotet er difor heilt i samsvar med det styret hadde forventa. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 1 608 044. Det må då presiserast at Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er om lag fem gonger så høg.

Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

**SAL AV MATERIELL** Posten gjeld sal av tilfang. Den største inntektskjelda i 2007 var servise og bøker.

**NORSK TIDEND** Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2007. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Resultatet vart dårlegare enn budsjettert. Tingingsinntektene har vore stabile i fleire år, og det har ikkje vore gjort særlege framstøytar for å auka tingartalet.

**KULTURLOTTERI** Lotteriet er tufta på friviljug sal ute i laga og direktesal frå skrivarstova. I 2007 selde laga 4 106 lodd, og medlemene kjøpte 13 177 lodd direkte frå skrivarstova. Det vart selt 17 283 lodd av 20 000. Dette salet var høgare enn budsjettert. Lotteriet blei avslutta 31.12.07.

**MEDLEMSPENGAR** Talet på medlemer gjekk opp med 157 i 2007. Difor vart det ein liten inntektsauke samanlikna med året før, sjølv om me har eit godt tilbod til nye medlemer på berre 200 kroner for det fyrste året.

**PRISAR OG STIPEND** 100 000 kroner er løyving frå Kulturdepartementet til utdeling av to arbeidsstipend à 50 000 kroner. Ordninga er årviss. 10 000 kroner er inntekter frå Samlaget og Det Norske Teatret knytt til Nynorsk litteraturpris som me står saman om å dela ut.

**MØTE- OG SEMINARINNTEKTER** Denne posten inneheld landsmøteavgift og seminaravgift. I landsmøteavgifta ligg også reiseutjamninga som vert betalt inn saman med sjølve landsmøteavgifta.

**TENESTESAL** Inntekter på nynorskkurs som skrivarstova kan tilby til andre arbeidsplassar.

**MÅLGÅVER** Medlemene har også i 2007 gjeve gode gåver til arbeidet i rørsla.

**STATSTILSKOT** Driftstilskotet frå Kulturdepartementet var på 2 126 000 kroner. I tillegg fekk me 214 000 kroner frå Kunnskapsdepartementet under posten «ålmenne føremål i grunnskulen».

**LØYVINGAR OG GÅVER** Løyvingar til prosjekt og konkrete arbeidsoppgåver, i hovudsak frå fond og legat.

**AGDERSATSINGA** Kostnadene med den tilsette for Agderfylka går gjennom sentrallekken. Inntektene her er attendebetalinga som kjem frå Agder og som er identisk med kostnadene som ein finn att som ei eiga line på kostnadssida i rekneskapen.

**ANDRE LAGSINNTEKTER** Under denne posten vert lagsbruksavgifta frå Norske Lagsbruk ført. Basert på omsetninga i ein del av lagsbrukshusa, vert det rekna ein lagsbruksskatt som går til Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

**LEIGEINNTEKTER** Leigeinntekter frå utleige av skrivarloftet (i Schweigaardsgt 52) og utleige av kontor til Kringkastingsringen og Norsk Målungdom.

**UTTAK AV VARER** Profileringsmateriell og bøker som er brukte til gåver til innleiarar og andre.

**YMSE** Posten inneheld inntektsføring av avsetning til lotterivinstar 2007 og momsrefusjon.

**LØYVINGAR/GÅVER/TILSKOT**

| Gåver/tilskot over kr 2 000 frå private: | |
|---|---|
| Sandefjord og Sandar Mållag | 40 000 |
| Oslo Nye Sparebanks Fond | 15 000 |
| Haugesund Mållag og Ungdomslag | 25 000 |
| Halldor O. Opedals fond | 2 700 |
| Drammen og Eiker Mållag | 2 000 |
| Longvafondet | 4 000 |
| **Sum gåver/tilskot lag** | **88 700** |

| | |
|---|---|
| Kultur- og kyrkjedepartementet. | 2 126 000 |
| Utdanningsdirektoratet | 214 000 |
| **Sum, offentlege tilskot** | **2 340 000** |

**MATERIELL FOR SAL** Det meste av kostnadene her gjeld servise og bøker innkjøpte for vidaresal.

**NORSK TIDEND** Om lag 170 000 er utforming og trykk av Norsk Tidend. 250 000 er adresserings- og portokostnader. I tillegg vert det brukt nokre mindre summar til reiser og til kjøp av artiklar og bilete.

**ANDRE TRYKKJEKOSTNADER** Kostnader med ålmenne flygeblad til bruk i vervearbeidet.

**KULTURLOTTERI** I hovudsak vinstar og trykking av lodd, men også kostnad med å få løyve attåt destruksjon av lodd som ikkje er selde etter at fristen har gått ut.

**REFUSJON MEDLEMSPENGAR** Etter landsmøtevedtak i 2002, er det no utbetaling av refunderte medlemspengar ein gong i året. Refusjonen skal utbetalast i februar året etter at medlemsrekneskapen er avslutta. Refusjon medlemspengar for 2007 er utrekna til totalt 518 000. Dei fleste fylkeslaga har ein sats på 20 kroner per medlem og dei fleste lokallaga ein tilsvarande sats på 40 kroner.

**LØN OG HONORAR** Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, revisjonshonorar, honorar til innleiarar på kurs og honorar til skribentar i Norsk Tidend. Honorar til prosjektretta arbeid er òg ført her. Refusjon av sjukepengar er ført her. Eit detaljert oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under 'Skrivarstova'. Dagleg leiar er plassert i lønssteg 54 i statsregulativet.

**LØNSKOSTNADER OG GODTGJERSLER**

| *Lønskostnader* | 2007 | 2006 |
|---|---|---|
| Løn, feriepengar o.l. | 2 784 510 | 2 759 454 |
| Folketrygdavgift | 336 987 | 361 328 |
| Anna godtgjersle | 103 688 | 107 528 |
| **Sum lønskostnader** | 3 225 185 | 3 228 310 |

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 7

| *Godtgjersle* 2007 | Dagleg leiar | Styret |
|---|---|---|
| Løn | 392 510 | 182 523 |
| Anna godtgjering | 0 | 0 |
| **Sum godtgjersler** | 392 510 | 182 523 |

**REVISOR** Kostnadsført revisjonshonorar for 2007 er kr 58 000,-

**TENESTESAL** Kostnader i samband med å etablera oss på kursmarknaden.

**HUSLEIGE OG STRAUM** Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg førte her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

**DRIFTS- OG KONTORUTGIFTER** Porto og telefon utgjer kring 350 000 kroner. Medlemsregisteret er kostnadsført her med om lag 350 000 kroner. Dei resterande kostnadene knyter seg til leige av kopimaskin og frankeringsmaskin med driftsavtale, IT-kostnader (mellom anna kostnader til heimesida), rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell.

**PRESSEKLYPP** Noregs Mållag abonnerer på ei teneste som gjev oss oversyn over dei fleste relevante presseoppslag om målsak kvar dag.

**PRISAR OG STIPEND** Posten gjeld to arbeidsstipend à 50 000 kroner, litteraturprisane og Nynorsk næringslivspris.

**LANDSMØTE** Posten inneheld alle kostnader knytte til landsmøtet; leige av lokale, reise og opphald for styret, tilsette og gjestqr, og dessutan utbetaling av reiseutjamning til utsendingane.

**MØTE- OG REISEUTGIFTER** Desse tre postane inneheld møte- og reiseutgifter i samband med landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser.

**LØYVINGAR OG GÅVER** Løyving til russebil på Fagernes. I byte for løyvinga var bilen dekorert med «skriv nynorsk».

**LØYVING NMU** Driftstilskot til Norsk Målungdom.

**MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 1:**
**SKULEMÅL** Kostnader ved rettssaka i Sandnes tingrett. Dessutan utgifter til reiser og materiell i samband med røystingar om skulemålet og anna skulemålsarbeid.

**MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 2:**
**NÆRINGSLIV** Kostnader i samband med Nynorsk næringslivspris.

**ORGANISASJONSTILTAK** Løyving til Nordmøre Mållag på 40 000 kroner til organisasjonsbyggjande tiltak og på 15 000 kroner til Juristmållaget for skrivekurs / -samling. Fellesmøte i Oslo for yrkesmållaga og materiell til vervekampanjen er også førde her.

**FINANSPOSTAR** Finansposten inneheld renteinntekter frå ymse bankkonti og tildeling frå Fondet for norsk målreising. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgiftene inneheld renter på lån og gebyr. I takt med renteauken frå Noregs Bank, har renteinntektene til Mållaget auka kraftig samanlikna med året før.

| *Tal i 1000* | REK 03 | REK 04 | REK 05 | REK 06 | LM-vedtak BUD 07 | Styrevedtak BUD 07 | REK 07 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| INNTEKTER | | | | | | | |
| Sal av materiell | 96 | 87 | 68 | 240 | 90 | 120 | 140 |
| Norsk Tidend | 142 | 90 | 86 | 176 | 130 | 140 | 83 |
| Kulturlotteri | 333 | 285 | 283 | 309 | 300 | 290 | 254 |
| Medlemspengar | 2 326 | 2 403 | 2 739 | 2746 | 2760 | 2800 | 2804 |
| Studiearbeid | 6 | 5 | 5 | | | | |
| Prisar og stipend | | | | | | 110 | 110 |
| Møte-/seminarinntekter | 114 | 131 | 125 | 723 | 130 | 347 | 310 |
| Tenestesal | | | | 4 | | 6 | 7 |
| Målgåver | 663 | 716 | 757 | 1137 | 750 | 750 | 755 |
| Statstilskot | 1 457 | 1 505 | 1536 | 2066 | 1600 | 2126 | 2340 |
| Løyvingar og gåver | 379 | 382 | 266 | 239 | 400 | 260 | 89 |
| Agdersatsinga | 200 | 208 | 242 | 362 | 175 | 200 | 184 |
| Andre lagsinntekter | 32 | 33 | 31 | 32 | 30 | 32 | 32 |
| Leigeinntekter | 286 | 295 | 113 | 74 | 82 | 170 | 166 |
| Uttak av varer | 18 | 13 | 8 | 10 | 20 | 20 | 10 |
| Ymse | 70 | 157 | 86 | 115 | 190 | 55 | 62 |
| **Sum inntekter** | **6 162** | **6 310** | **6 345** | **8 233** | **6 657** | **7 426** | **7 346** |
| | | | | | | | |
| **KOSTNADER** | | | | | | | |
| Materiell for sal | 74 | 53 | 47 | 231 | 60 | 88 | 102 |
| Norsk Tidend | | | | | | 484 | 436 |
| Trykkjekostnader | 287 | 301 | 326 | 414 | 320 | 130 | 35 |
| Kulturlotteri | 68 | 47 | 54 | 52 | 75 | 65 | 79 |
| Refusjon medlemspengar | 464 | 447 | 498 | 500 | 490 | 500 | 518 |
| Løn og honorar | 2 590 | 3 138 | 3190 | 3225 | 3150 | 2800 | 2875 |
| Tenestesal | | | | | | | 8 |
| Husleige og straum | 679 | 680 | 559 | 367 | 360 | 367 | 397 |
| Drifts- og kontorutgifter | 896 | 927 | 1227 | 1230 | 970 | 1 326 | 1 032 |
| Presseklypp | 58 | 56 | 78 | 91 | 80 | 45 | 77 |
| Prisar og stipend | | | | | | 144 | 132 |
| Landsmøte/reise | 126 | 328 | 300 | 1 413 | 160 | 400 | 462 |
| Styre-/landsrådsmøte | 195 | 159 | 188 | | 190 | 190 | 168 |
| Seminar/konferansar | 234 | 75 | 36 | | 90 | 80 | 77 |
| Andre møte og reiser | 379 | 373 | 445 | | 380 | 260 | 120 |
| Agder-satsinga | | | | | | 200 | 184 |
| Løyvingar og gåver | 34 | 34 | 15 | 30 | 45 | 15 | 1 |
| Løyving til NMU | 35 | 40 | 45 | 231 | 175 | 175 | 175 |
| Satsingsområde 1: skulemål | | | | | | 231 | 247 |
| Satsingsområde 2: næringsliv | | | | | | 12 | 18 |
| Organisasjonstiltak | | | | | | 200 | 117 |
| Avskrivingar, tap på krav | 33 | 42 | 18 | 7 | 5 | | 1 |
| **Sum kostnader** | **6 152** | **6 700** | **7 026** | **7 791** | **6 550** | **7 712** | **7 261** |
| | | | | | | | |
| **Resultat før finanspostar** | **10** | **-390** | **-681** | **442** | **107** | **-286** | **85** |
| | | | | | | | |
| **FINANSPOSTAR** | | | | | | | |
| Utbyte/aksjevinst | 44 | 446 | 34 | 34 | 35 | 35 | 53 |
| Finansinntekter | 70 | 15 | 13 | 24 | 10 | 10 | 61 |
| Finansutgifter | -29 | -21 | -23 | -21 | -20 | -20 | -22 |
| Sum finanspostar | 85 | 440 | 24 | 37 | 25 | 25 | 92 |
| Ekstraord. inntekter | 13 | 108 | 416 | | | | |
| **RESULTAT** | **108** | **158** | **-241** | **479** | **132** | **-261** | **177** |
| | | | | | | | |
| **OVERFØRT EIGENKAP.** | 108 | 158 | -241 | 479 | 132 | -261 | 177 |

# Balanse

| | *Notar* | 2006 | 2007 |
|---|---|---|---|
| **ANLEGGSMIDLAR** | | | |
| Husvære | *1* | 326 070 | 326 070 |
| Inventar | *2* | 0 | 0 |
| **Sum varige driftsmidlar** | | **326 070** | **326 070** |
| | | | |
| Partar i Fondet for norsk målreising | | 533 000 | 533 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **533 000** | **533 000** |
| Sum anleggsmidlar | | 859 070 | 859 070 |
| | | | |
| **OMLAUPSMIDLAR** | | | |
| Varer | *3* | 165 002 | 152 107 |
| | | | |
| Kundekrav | | 573 260 | 207 588 |
| Opptente inntekter | *4* | 292 941 | 145 623 |
| Forskottsbetalte driftskostnader | | | 20 865 |
| Mellomrekning Fondet | | 29 743 | |
| **Sum kortsiktige krav** | | **895 944** | **526183** |
| | | | |
| Luter | *4* | 151 200 | 151 200 |
| | | | |
| Bankinnskot | *6* | 713 430 | 1 529 086 |
| | | | |
| **Sum omlaupsmidlar** | | **1 925 576** | **2 206 469** |
| | | | |
| **EIGE** | | **2 784 646** | **3 065 539** |

| | *Notar* | 2006 | 2007 |
|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| Eigenkapital | *7* | 951 449 | 1 431 190 |
| Årsresultat | | 479 741 | 176 854 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **1 431 190** | **1 608 044** |
| | | | |
| **SKULD** | | | |
| Gjeldsbrevlån | *8* | | |
| Husfond | *9* | 75 000 | 75 000 |
| **Sum langsiktig skuld** | | **75 000** | **75 000** |
| | | | |
| Leverandørgjeld | | 93 246 | 130 156 |
| Skuldige medlemspengar | | 517 468 | 552 543 |
| Medlemspengar neste år | | 2 685 | 20 460 |
| Nedlagde/sovande lag | | 5 290 | 18 188 |
| Skuldige off. avgifter / feriepengar | | 445 934 | 450 780 |
| Anna kortsiktig skuld | *10* | 213 833 | 293 475 |
| **Sum kortsiktig skuld** | | **1 278 456** | **1 465 584** |
| | | | |
| **Sum skuld** | | **1 353 456** | **1 540 584** |
| | | | |
| **EIGENKAPITAL OG SKULD** | | **2 784 646** | **3 065 539** |

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningsliner i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak. Krava er førte opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterte og medrekna tap.

1) Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo. Oppført verdi kr 326 070,- Kjøpt for kr 326 070,- i 1992. Noregs Mållag hadde takst på husveret i Schweigaards gate i 1999. Marknadsverdien var sett til kr 750 000,- .

2) Inventar på kontoret har ein opphaveleg opphavleg verdi på 1.170.695. Det vart avskrive i 2005.

3) Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.

4) Opptente inntekter inneheld utestående krav, m.a. medlemspengar frå lag med direkte innkrevjing.

6) Av bank- og postinnskot er kr 116 569,- bundne til skattetrekk. Depositum for husleige 190 966,-.

7) Eigenkapital

| | 2006 | 2007 |
|---|---|---|
| Eigenkapital | 951 449 | 1 431 190 |
| Årsresultat | 479 741 | 176 854 |
| **Sum eigenkapital 31.12** | 1 431 190 | 1 608 044 |

5) Noregs Mållag har luter i:

| | | *Kostpris* | *Bokf. v.* | *Likn.v.* |
|---|---|---|---|---|
| Det Norske Teatret | 23 stk | 11 200 | 0 | 0 |
| Orkla A-aksjar | 276 stk | 16 200 | 122 578 | 144 210 |
| Dag og Tid | 250 stk | 10 000 | 10 000 | |
| Dag Bondeheim AS | 75 stk | 75 000 | 75 000 | |
| Norsk-Plan AS | 5 stk | 50 000 | 50 000 | |
| | | 151 200 | 122 578 | 144 210 |

Den verkelege verdien av lutane i Dag og Tid, Dag Bondeheim AS og Norsk-Plan AS er usikker.

8) Gjeldsbrevlån Hardingbanken

| | |
|---|---|
| Opphavleg lån frå 1995 (datautstyr) | 500 000 |
| Overf. frå Gjensidige i 1997 (Schweigaards gate 52) | 105 000 |
| **Rest pr. 31.12.06** | 0 |

Lånet er innfridd.

9) Husfondet består av luter i Dag Bondeheim AS (Skien), 75 000 kr.

10) Kortsiktig skuld inneheld avsetjing til lotterivinstar, avsetjing til revisjonskostnader for 2007 og kostnader i 2007 med forfall i 2008.

# Fondet for norsk målreising
# *Årsmelding*

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikra den økonomiske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtektene (sist endra i 2001) skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarande om lag rente i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikna partar à 1000 kroner og må binda innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 prosent skal plasserast i bankinnskot, obligasjonar og pengemarknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjefond.

Plasseringa i aksjefond vert teken hand om av ein fondsforvaltar. Fondet for norsk målreising betaler 5000 kroner i året for denne tenesta. Avkastninga av desse midlane i 2007 har vore om lag 10 %, noko som er vesentleg høgare enn vanleg bankrente.

Fondsstyret har vedteke fylgjande for utdelinga av avkastning frå fondet til Noregs Mållag for 2007: Noregs Mållag får ei avkastning på 4,5 prosent av fondsverdien. Avkastninga vert rekna av verdien ved inngangen av 2007, og utbetalinga til Noregs Mållag vert då 47 438 kroner.

Fondet vert leidd av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsåret har desse site i fondsstyret: Hallgrim Berg (leiar), Håvard Teigen og Toril Nicolaisen. Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har berre hatt telefon- og epostkontakt i meldingsåret. Det er ikkje teikna nye partar i fondet i 2007, og det er heller ikkje sagt opp partar. Det er eitt års oppseiingstid på partane.

Ved utgangen av året, etter utdeling av avkastning til Noregs Mållag, hadde fondsmidelen ein verdi på 1 093 510 kroner mot 1 054 179 kroner ved utgangen av 2006. Fondet har 224 innskytarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 938 partar à 1000 kroner.

# Fondet for norsk målreising

## Resultatrekneskap

| | 2006 | 2007 |
|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | |
| Bankrenter | 3 386 | 3 117 |
| Renter på obligasjonar | 6 750 | 259 |
| Urealisert verdiauke fond | 38 891 | 99 326 |
| Realisert forteneste aksjesal | | 1 100 |
| **Sum inntekter** | **55 342** | **103 802** |
| | | |
| **KOSTNADER** | | |
| Driftskostnader | 5 410 | 17 034 |
| Utbetalt andel Noregs Mållag | 31 059 | 47 438 |
| **Sum kostnader** | **36 469** | **64 472** |
| | | |
| **Overskot** | **18 873** | **39 330** |
| Disponert til fri eigenkapital | 18 873 | 39 330 |
| Disponert til verdiendring | | |
| Utbetalte partar i rekneskapsåret | | |
| **Sum disponert** | **18 873** | **39 330** |

## Balanse

| | 2006 | 2007 |
|---|---|---|
| **EIGEDELAR** | | |
| *Krav* | | |
| Opptente renter | 6 491 | |
| | | |
| *Investeringar* | | |
| UTANLANDSKE AKSJAR | | |
| ACM-Global Growth Trends P | 19 381 | |
| Morgan Stanley Global Value | 41 705 | |
| Morgan Stanley Global Brands | 43 332 | |
| AKSJER UTLAND | | |
| FMK Fremvoksende Markeder | | 204 689 |
| FMK Råvarer | | 236 272 |
| KAPITALGARANTERTE FOND | | |
| Kapitalsikring IV 04/09 | 221 060 | 252 380 |
| HEDGEFOND | | |
| UBS NAS | 162 483 | 170 788 |
| Navigator Hedge | 228 026 | 246 766 |
| OBLIGASJONAR | | |
| 1996/2007 | 100 080 | |
| Sum investeringar | 816 067 | 1 110 895 |
| | | |
| Bankinnskot | 261 346 | 26 936 |
| | | |
| **Sum eigedelar** | **1 083 922** | **1 137 831** |
| | | |
| **SKULD OG EIGENKAPITAL** | | |
| *Opptent eigenkapital* | | |
| Urealisert verdiauke | 97 305 | 116 180 |
| | | |
| Fondsmidel 01.01 | 938 000 | 938 000 |
| Utbetalte partar -05 | | |
| Tilført frå årsresultat | 18 874 | 39 330 |
| Sum fondsmidel 31.12 | 956 874 | 977 330 |
| | | |
| **Sum ureal. v.auke og eigenkap.** | **1 054 179** | **1 093 510** |
| | | |
| *Skuld* | | |
| Avsett for skuld til Noregs Mållag | 29 743 | 44 321 |
| **Sum skuld** | **29 743** | **44 321** |
| | | |
| **Sum eigenkapital og skuld** | **1 083 922** | **1 137 831** |

# Inga og Gjøa Lutros legat

## *Rekneskap 2007*

| | |
|---|---|
| Renter | 14 819 |
| Overført til Noregs Mållag | 14 819 |

## *Balanse 2007*

| | |
|---|---|
| **Aktiva** | |
| Bankinnskot | 602 678 |
| | |
| **Passiva** | |
| Legat | 602 678 |

# Kulturlotteriet

## *Rekneskap 2005*

| | |
|---|---|
| Inntekter | |
| Loddsal | 253 730 |
| **Sum inntekter** | **253 730** |
| | |
| Kostnader | |
| Vinstar | 49 072 |
| Trykking | 28 753 |
| Porto | 44 439 |
| Administrasjon | 30 000 |
| Gebyr | 5 217 |
| **Sum utgifter** | **157 481** |
| **Overskot** | **96 255** |

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til landsmøtet i
**Inga og Gjsa Lutros Legat**

## REVISJONSMELDING FOR 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for **Inga og Gjsa Lutros Legat** for rekneskapsåret 2007 som syner eit årsoverskot på kr 14.819 . Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap og balanse utan opplysningar i notar. Inga og Gjsa Lutros Legat er ikkje pliktig til å følgje rekneskapslova. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av resultatrekneskapen og balansen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, , herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, den 11. mars 2008
VARDENS REVISJONSKONTOR AS
Per-Arne Auster
Per- Arne Auster
Statsautorisert revisor

Postadresse:
Postboks 806 Sentrum
0104 Oslo

Besøksadresse:
Skippergt. 33
www.vardens.no

Telefon: 21 14 12 00
Telefax: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til landsmøtet i
**Norges Mållag**

## REVISJONSMELDING FOR 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for Norges Mållag for rekneskapsåret 2007 som syner eit årsoverskot på kr 176.854 . Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap, balanse, og opplysningar i notar. Mållaget er ikkje pliktig til å følgje rekneskapslova. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av resultatrekneskapen og balansen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, , herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, den 11. mars 2008
VARDENS REVISJONSKONTOR AS
Per-Arne Auster
Per- Arne Auster
Statsautorisert revisor

Postadresse:
Postboks 806 Sentrum
0104 Oslo

Besøksadresse:
Skippergt. 33
www.vardens.no

Telefon: 24 14 12 00
Telefax: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

VARDENS
REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

**Medlemmer av**
*Den norske Revisorforening*

**Øyvind Løvstad**
*Statsautorisert revisor*
**Per-Arne Auster**
*Statsautorisert revisor*

Til
Noregs Mållag
Oslo Politikammer

## REVISJONSMELDING LOTTERIREKNESKAP 2007

Vi har kontrollert loddlotterirekneskapen for Kulturlotteriet 2007 for Noregs Mållag. Resultatrekneskapen gjer eit overskot på kr.96.255

Rekneskapen omfattar loddar solgt fram til utlapsdato 31. desember 2007.

Vi har kontrollert at det foreligg dokumentasjon for samtlege kostnader, inklusive utbetalde gevinstar, og at inntektane er eins med antall solgte lodd. Avviket mellom bokført inntekt og maksimalt tillatt antall solgte antall lodd er verifisert.

Lotterirekneskapen følg de lovar og reglar som regulerar avviklinga av lotteriet.

Oslo, den 12. mars 2008
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per-Arne Auster
statsautorisert revisor



VARDENS
REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

**Medlemmer av**
*Den norske Revisorforening*

**Øyvind Løvstad**
*Statsautorisert revisor*
**Per-Arne Auster**
*Statsautorisert revisor*

Til landsmøtet i
**Fondet for Norsk Målreising**

## REVISJONSMELDING FOR 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for **Fondet for Norsk Målreising** for rekneskapsåret 2007 som syner eit årsoverskot på kr 39.330 . Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap og balanse utan opplysningar i notar. Fondet for Norsk Målreising er ikkje pliktig til å følgje rekneskapslova. Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av resultatrekneskapen og balansen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, , herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Norge
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, den 12. mars 2008
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per- Arne Auster
Statsautorisert revisor

# Norsk Målungdom

Sidemålsjubileum. Læremiddelkamp. Medlemsauke. Kinokampanje. Året som gjekk har vore eit år der vi har nådd fram med mange viktige politiske krav.

**SKULEMÅL** Det siste året har vore prega av høg aktivitet i NMU. Det store høgdepunktet var sjølvsagt læremiddelstreikane i august og september, der vi mobiliserte fleire tusen elevar til aksjon mot for seine nynorskbøker. Gjennom aksjonane greidde vi å setje saka på den nasjonale dagsordenen, og la premissa for arbeidet med denne saka vidare utover hausten. Det blei plutseleg uråd for Kunnskapsdepartementet å oversjå krava våre…

Men målstriden må sjølvsagt bli kjempa på fleire frontar. Arbeidet med sidemålet har vore prioritert i perioden, og målungdomen har vore mykje i media, mellom anna i samband med hundreårsdagen for sidemålet 24. mai 2007. Vi har særleg peika på at debatten må handle meir om innhaldet i undervisinga og mindre om ho skal halde fram i det heile. Ein viktig siger på dette området var at vi saman med Noregs Mållag snudde bystyrefleirtalet i Oslo i dette spørsmålet, slik at alt ligg til rette for ei betre sidemålsundervising i hovudstaden.

Vi har vore på målferd på kring seksti skular i alle landsdelar. Mange av stadene har lokale mållag og målfolk vore til stor hjelp med overnatting, kontakt med skular og økonomisk støtte. *Tusen takk!*

**ORGANISASJONEN** I 2007 hadde vi ein auke i både medlemstal og talet på lokallag. Fram til sumaren hadde vi berre éin tilsett på skrivarstova, men frå skulestart har vi hatt skrivar og sivilarbeidar på fulltid, i tillegg til leiar og studentmållagsskrivar på halvtid. Dette har mellom anna gjort arbeidet med medlemsbladet Motmæle lettare, og bladet har kome ut tre gonger i perioden. I tillegg har vi prioritert mediearbeid, og hatt fleire hundre små og store presseoppslag gjennom året. Særleg fekk vi mykje blest kring utdelinga av Dialektprisen, som i 2007 gjekk til skodespelar Ingrid Bolsø Berdal frå Inderøy.




***DUDE, WHERE'S MY SPRÅK?*** Haustkampanjen vår har i år handla om mangelen på nynorsk teksting på kino. Med slagordet *Dude, where's my språk?* Og nettsida nynorskkino.no har vi peika på det urettvise i at berre bokmålsbrukarar får møte språket sitt i kinosalen.

**INTERNASJONALT ARBEID** I året som gjekk har vi delteke i samarbeidsforumet til Ungdom mot EU saman med eit titals ungdomsorganisasjonar. Vi har òg sete i styringsgruppa til Ungdomsalliansen mot Tenestedirektivet og ulike internasjonale utval hjå Landsråde for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). Jens Kihl har vore norsk ungdomsrepresentant til generalkonferansen til UNESCO i Paris i oktober. Vi har arbeidd med eit studiehefte om EU som vi vonar er klart våren 2008.

**TILSKIPINGAR** I perioden har vi mellom anna skipa til sumarleir, ideologiseminar og vinterleir. Alle tre har hatt mange påmelde og gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Det går med mykje tid til å førebu og gjennomføre desse tilskipingane, og dei fungerer godt som stader for skulering og motivasjon.

# Nærskylde tiltak

## *Dag og Tid*

*www.dagogtid.no*

Dag og Tid AS gjev ut den frie vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Innanfor dei litterære miljøa i Noreg er Dag og Tid ei mykje lesen avis.

Dag og Tid kom i 2007 ut med 52 nummer i 48 utgåver. Opplaget kom i 2007 opp i 7228 - 22 meir enn året før. Dei siste fem åra har opplaget auka meier enn 700, eller meir enn ti prosent.

Selskapet gjev også ut Ivar Aasen-almanakken og Nøkkel til nynorsk.

Svein Gjerdåker er redaktør og dagleg leiar. Ola Mestad er styreleiar i selskapet.




## *Det Norske Samlaget*

*www.samlaget.no*

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget.

Forlaget gav i 2007 ut 249 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og lærebøker til grunnskole, vidaregåande skole og høgare utdanning. 2007 vart eit svært godt år for forlaget Driftsinntektene med tilskot vart 115,4 mill kroner ein auke på 35%. Førebels årsresultat etter skatt vart eit overskot på om lag 11 mill kr. På det fleste utgjevingsområda vart resultatet betre enn venta. Til saman fekk Samlaget 32 litterære prisar i inn- og utland. Forlaget selde 28 bokrettar til utlandet.

Blåmann Barnebokklubb har samarbeidd med nynorskorganisasjonane, skolar og bibliotek om medlemsverving. Etter fire års drift har han i underkant av 4000 medlemer; færre enn det som er naudsynt for at bokklubben skal gå i balanse.

I 2006 vart Reform 06 innført og med dette skal det nye læremiddel i alle fag frå 1. til 13. skoleåret. Det Norske Samlaget satsar sterkare enn nokon gong med nye læreverk i ei rekkje fag og forlaget har dei siste to åra auka marknadsdelen monaleg.

Arbeidet med å produsere internettartiklar om nynorsk kulturhistorie er godt i gang i samarbeid med Nynorsk kultursentrum etter at vi fekk statstilskot til prosjektet "1001 tekstar"

Hovudoppgåva for Litteraturselskapet er å leggje tilhøva til rette for nynorsk bokutgjeving. Selskapet gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet i 2006 var 2089 mot 1972 året før. Forlaget gjev også ut Bymålslagets tidsskrift Maal og Minne.

Leiar i styret for forlaget var Siri Hatlen og for Litteraturselskapet Sigve Gramstad. Forlagsdirektør Nina Refseth var dagleg leiar.

## Det Norske Teatret

*www.detnorsketeatret.no*

Det Norske Teatret spela i 2007 i alt 967 framsyningar. Samla tilskodartal for 2007 var 190 026. Tilskotet frå staten til teaterdrifta var ca 116 mill. kroner. Magnus Rindal er styreleiar ved teatret, Vidar Sandem teatersjef. Morten Gjelten var direktør til 1.9. og Nina Lorentzen frå 1.9. til 6.12.

## Folkekulturforbundet

*www.folkekultur.no*

Folkekulturforbundet er Noregs Mållag sitt studieforbund, og skal ivareta medlemsorganisasjonane og deira lokallag med omsyn til utvikling, tilrettelegging og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringstilbod. FOLK er opptatt av - og ønskjer å ta eit ansvar for - opplæring i folkekulturfaga.

FOLK ser på opplæring i vid forstand - frå eit lite, enkelt kurs til fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar - til formell kompetanse og vekttal. For FOLK er det viktig å sikre eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Opplæringa skjer i aktive læringsfellesskap, og er med på å skape sosialt trygge og trivelege rammer rundt læringssituasjonen. Dette er viktig for å leggje til rette for god læring, og for å vere inkluderande og open. Læring er knytt til handling, og skjer gjerne ved vevstolen, på teaterscenen, i båten og i dansesalen.

FOLK er ein stor kursarrangør, i 2007 gjennomførte medlemsorganisasjonane 87.391 kurstimar med 23.571 deltakarar på 2.893 kurs. Opplæringa blir organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre - og organisasjonar vi har samarbeidsavtale med.

I fleire av handverksfaga arbeider FOLK for å sikre vegen til formell kompetanse, med spesiell vekt på opplæring fram mot å ta fagbrev. Dette er små fag, og tilgangen på offentleg utdanning er forsvinnande liten. FOLK kan rettleie kandidatar som ønskjer å ta fagbrev, samarbeider aktivt med fagopplæringa og deltek i ulike prosjekt som arbeider med fagutdanning.

FOLK driv også høgare utdanning i samarbeid med ulike høgskolar og universitet.

## Kringkastingsringen

*www.kringkastingsringen.no*

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. Sidan 1955 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemdene skal føre ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg.

Kringkastingsringen arbeider også for å påverke styresmaktene til å leggje forholda til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

I 2007 har vi:

• Arbeidd for meir nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i radio og fjernsyn.

• Møtt kringkastingssjefen for å drøfta spørsmåla kring barne- og ungdomsprogram og dei nye språkreglane i NRK.

• Vore i møte med Kultur- og kyrkjedepartementet om tiltak for meir nynorsk i riksmedia.

• Uttalt oss om framlegget til ny Allmennkringkastingsplakat

• Gjeve ut tre nummer av meldingsbladet Kringom, der vi tek opp aktuelle mediepolitiske spørsmål.

• Delt ut Kringkastingsprisen til Ingerid Stenvold

• Skipa til seminaret «Språkreisa - nynorskingar i riksmedia» på Det Norske Teatret

Håvard B. Øvregård er styreleiar og Tarjei Vågstøl er tilsett som dagleg leiar.

## Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

*www.lnk.no*

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 112 medlemer; av desse er 103 kommunar og fylkeskommunar.

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk bruksspråk innafor alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med nynorsk og IKT, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og kommunal (nærings)utvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstenester i kommunane.

LNK tilbyr nynorskkurs og kurs i klårt språk for saksbehandlarar i kommunar og i statsadministrasjonen, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkar heile landet. Kursa er kvalitetssikra og vert haldne i samarbeid med Høgskulen i Son og Fjordane.

Gjennom eit formalisert samarbeid med næringslivet og kommunale organisasjonar freistar LNK å påverka leverandørar av varer og tenester til det offentlege til å sjå samanhengar mellom eigen økonomi og det å ta kundane på alvor - også språkleg.

Organisasjonen gir ut LNK-avisa seks gonger i året og nettstaden www.lnk.no vert oppdatert kvar dag

Elles arbeider Landssamanslutninga av nynorskkommunar nært saman med Noregs Mållag og dei andre nynorskorganisasjonane gjennom Nynorsk Forum.

Jan Magne Dahle er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

## *Magasinett*

*www.magasinett.no*

Stiftinga Magasinett har ansvar for nettidsskriftet Magasinett. I 2007 har Magasinett motteke tilskot Kunnskapsdepartementet, Norsk Kulturråd og LNK.

2007 var tiande driftsåret for Magasinett. Tidsskriftet blir redigert på nynorsk og har blitt oppdatert to til fire gonger i veka.

I løpet av året har 14 faste skribentar levert redaksjonelt stoff til Magasinett. Av desse er fem unge skribentar mellom 14 og 23 år. I samband med at Magasinett feira 10-årsjubileum har dessutan Ragnar Hovland, Linda Eide og andre tidlegare Magasinettfolk skirve for nettstaden.

10-årsjubileet vart forsøkt markert i samband med årsmøtet i april. Vi inviterte ei rekkje folk frå nynorskmiljøet, folk i sentrale posisjonar innan utdanning osb, men påmeldinga var diverre for dårleg og arrangementet vart ikkje noko av.

Magasinett fekk noko redaksjonell omtale i andre medier i samband med jubileet.

Hausten 2007 arrangerte Magasinett ei skrivetevling for unge mellom 14 og 19 år. Det kom inn tekstar frå heile landet og deltakinga er med det beste vi har opplevd dei siste åra.

Besøkstala for Magasinett har auka jamt gjennom heile året.

Toyni Tobekk er redaktør, og Norsk Plan as har ansvaret for rekneskap, kontor og administrasjon

## *Noregs Ungdomslag*

*www.ungdomslag.no*

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

Noregs Ungdomslag har mange kurs og møtestader, som Folkekulturfestivalen, Norsk Amatørteaterfestival, sommarkursa, fagseminar og Noregs Ungdomsring. Sentralleddet forvaltar fleire støtteordningar, driv fagleg utvikling, yter sørvis til lag med ungdomshus, arbeider for å synleggjere organisasjonen og jobbar aktivt for å påverke politisk.

I 2007 arrangerte vi mellom anna Norsk Amatørteaterfestival og Folkekulturfestivalen i Oslo. Sju ungdomslag erobra Det Norske Teatret under Norsk Amatørteaterfestival 18.-24.juni. Teateramatørane i frå BUL Oslo, Te-Nord (Oslo), Skråmestø Ul (Askøy), Mjeldalen UL (Oslterøy), Bøfjord UL (Leirvik i Sogn) og UL Daggry (Alteren ved Mo i Rana) hadde mykje å tilby og fekk strålande respons i frå publikum. I tillegg vart stykket "Til Noregs der kjærleik ventar" sett opp. Dett er eit kunstnarleg samarbeid mellom Nordic Black Theatre, Det Norske Teatret, Mother Theatre og Noregs Ungdomslag. Stykket handlar om seks kvinner frå seks ulike land og deira møte med ein norsk mann og norsk kultur. Kvinnene frå Kongo, Argentina, Tyrkia, Filipinane, Armenia og India fylte salen heile tre gonger og våren 2008 er det klart for nypremiere på teatret.

Under Folkekulturfestivalen 22.-24.juni var bygdedansfest i tre salar, jonsokleikfest og konsertar med stjernegruppene JPP og Valkyrien Allstars nokre av høgdepunkta. Ellers kan vi nemne opninga på Det Norske Teatret der publikum fekk oppleve stildans, valdresspringar, teatersnuttar og samtidsdans til norsk folkedans og musikk. Det var duka for stildansball, dans og munnharpekurs for born, teatersport, kurs i valdresspringar, runddans og polska og seminar om bruk av hovudplagg historisk og blant ulike kulturar i dag. Over 50 born var med på barnleikfesten, det var framsyningskappleik, nattdans og improkappleik.

I ungdomslaget kan du delta i ei rekke ulike aktivitetar, der amatørteater, dans, bunad- og handverksarbeid, musikk og ungdomsklubbar er dei største. Over 300 ungdomslag er eigar eller medeigar i eit lokalt ungdomshus.

Noregs Ungdomslag er tufta på verdiane frilynd, tradisjonar, generasjonar, rusfri samværskultur, samfunnsengasjement og nyskapande.

## *Norsk Barneblad*

*www.norsk-barneblad.no*

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. I 2007 fyller NB 120 år! Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7-15 år. Ordskifte der lesarane sjølve får skriva inn og diskutera, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet inneheld dessutan teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff. Bladet har også eiga heimeside. Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underhaldande sakprosa på nynorsk skrive for barn og av til av barn.

Opplaget er kring 3500 og stigande for første gong på mange år. I tillegg til bladdrifta lagar også Norsk Barneblad eigne barnesider som blir selde til aviser over heile landet. Styreleiar er Vidar Lund, ansvarleg redaktør og dagleg leiarer Nana Rise-Lynum.

## Norske Lagsbruk

*www.lagsbruk.no*

Norske Lagsbruk er eit samarbeids- og tenesteorgan for forretningsverksemd og lagshusdrift i rørsla og skal gje fagleg, økonomisk og juridisk rådgjeving med vekt på lokale utviklingsprosessar.

NL er medlem av NSRM Norsk senter for rusfri miljøutvikling og NOK nettverk for organisasjonseigde kulturbygg. NL driv prosjektet "Trygg og rusfri samlingsstad for ungdom" i samarbeid med LASS (Landslaget for alkoholfrie serverings- og samlingsstader), og får drifts- og prosjektstøtte frå Sosial- og helsedirektoratet.

Styreleiar er Hallvard Julseth og ny dagleg leiar frå 15. oktober er Anders Slaatsveen. Tidlegare dagleg leiar, Nils Seland, er engasjert som seniorrådgjevar i 50% stilling. Styret i Norske Lagsbruk er og styre for Lagsbruksfondet.

## Nynorsk kultursentrum

*www.aasentunet.no*

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa 1993 med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Visjonen vår er Nynorsk, sjølvsagt, når som helst og kor som helst. Måla er å gjere det lettare å vere nynorskbrukar, styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og å skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

Ivar Aasen-tunet i Ørsta – nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur som inkluderer det eldste personmuseet i landet

Dei Nynorske Festspela – ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta

Nettstadene www.aasentunet.no – den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur, www.tunkatten.no og www.garborgnett.no.

Styreleiar i 2007 var direktør Oddvar Haugland, direktør var Ottar Grepstad. I 2007 hadde Nynorsk kultursentrum 11 fast tilsette og arbeidsavtalar med 20 medarbeidarar i engasjement og prosjekt.

2007 blei eit år med avklaringar for Nynorsk kultursentrum. Fylke og vertskommunar gjorde dei vedtaka som trongst for at det unike anlegget Ivar Aasen tunet no blir fullført med utescene. Den kulturelle skulesekken opna seg og blir etter kvart ein stor marknad for elevretta kulturprogram med nynorskprofil. Store utstillingsprosjekt fekk si form, tunkatten Lurivar fann sin faste plass i basisutstillinga og har no sitt eige formidlingsprogram for leseglede. Vi fekk godkjent planane for å lage det nasjonale Litteraturnettverket for arkiv, bibliotek og museum. Vi forma både visjon og verdiar, forretningsidé og merkevare, og viktige organisasjonsendringar fall på plass med ny fast stilling som administrasjonssjef.

I 2007 blei det også klart at vi i 2008 for første gong får dei rammevilkåra vi årleg har søkt om frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Med slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette auka omsetninga med 14 % til 12,1 millionar kr i 2007. Drifta gav eit overskot på 77 028 kr, mot 120 131 kr i 2006. Med dette er eigenkapitalen no på 476 083 kr. Marginane for drifta er altså framleis for små.

16 700 personar gjesta arrangement og utstillingar, mot 17 100 i 2006. Om lag 4100 eller 25 % av desse var barn og unge. Nettstadene hadde 214 000 unike brukarar med til saman 585 000 viste sider. Vi hadde såleis 13 gonger fleire brukarar på nettstadene enn vi hadde gjester på arrangement og utstillingar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Av 186 arrangement i 2007 var 73 % i Ivar Aasen-tunet, mot 61 % året før. Dette året var vi aktive i 31 kommunar i ni fylke. 13 av desse kommunane var nye.

17 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. Forlagsredaktør Guri Vesaas fekk prisen Årets nynorskbrukar 2007.

Samlingane utgjorde ved årsskiftet vel 56 100 einingar. Ved utgangen av 2007 var 28 % av samlingane tilfredsstillande registrerte. Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet inneheldt ved årsskiftet nær 5800 artiklar om vel 760 personar, institusjonar og organisasjonar, mot vel 4900 klipp eit år tidlegare. I 2007 la vi ut heile 4000 nye tekstdokument på nettstaden. Størst var Fedraheimen med over 2300 artiklar.

I 2007 kunne vi endeleg setje i gang arbeidet med det vi vonar skal bli eit allment nynorsk leksikon på Internett, i samarbeid med Det Norske Samlaget. Delprosjektet *1001 tekstar* utviklar nytt stoff om nynorsk kulturhistorie på Internett. Dei første artiklane blir publiserte i 2008.

Utstillingane auka omsetninga med heile 60 % frå 2006 til 1 124 000 kr i 2007. Av dette stod fornyinga av basisutstillinga for 355 000 kr, medan *1001 tekstar* hadde ei omsetning å 197 000 kr. Ein annan viktig grunn til veksten var elevprogramma *Det undrande språket* (frå 2004) og *Katta i sekken* (nytt i 2007). 1971 elevar og lærarar var med på desse programma i 2007. I 2007 laga vi to nye temautstillingar, ein ny forfattarpresentasjon og vi hadde om lag 50 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Også dette året var det noko nytt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag. 11 eldre og nyare temautstillingar blei viste som vandreutstillingar på ni stader i landet.

Dei Nynorske Festspela er no solid posisjonert i norsk kulturliv, men vi slit med små økonomiske marginar. Omsetninga auka med heile 28 % frå 2006 til 1,6 millionar kr. Resultatet blei negativt, som året før, men likevel betre: eit underskot på 28 000 kr mot 199 000 kr i underskot i 2006. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela svært vellukka, med 6100 gjester og 213 utøvarar på 44 arrangement.

Kulturprogrammet nådde same omsetningsnivå som i 2006, 406 000 kr, og gav 1000 kr i overskot. Utanom Festspela stod vi for 71 eigne kulturarrangement i 2007, mot 54 året før. Nær 500 utøvarar var involverte og samla i kulturprogrammet.

Kafeen og butikken voks vidare i 2007 og nådde ei samla omsetning på 1 177 000 kr. Drifta gav eit samla overskot på 142 000 kr.

Sidan opninga i 2000 har vi hatt 144 000 gjester og 1 746 000 nettstadbrukarar. Nær 1,9 millionar personar har altså nytta tilboda våre. Etter åtte driftsår har verksemda resultert i dette:

56 100 bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar i samlingane.

1372 arrangement med vel 5600 utøvarar.

20 ulike temautstillingar. 16 av desse har vore lånte ut som vandreutstillingar 79 gonger i 17 fylke.

7100 dokument tilgjengelege på nettstadene ved årsskiftet.

Arrangement og/eller utstillingar i 92 kommunar i 17 fylke.

104 turnéframsyningar av elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken* for 3718 elevar og lærarar ved 60 skular i 28 kommunar i fire fylke.

Barn og unge utgjer 25 % av alle gjestene.

Lønsutbetalingar til 530 personar i 117 kommunar spreidde på alle fylka i landet.

## *Nynorsk mediesenter*

*www.nynorskmediesenter.no*

Nynorsk mediesenter har lært opp 35 nynorskbrukande journalistar sidan starten hausten 2004, og 88,5 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media, tyngda i NRK. Det er folk derifrå i både Dagsrevyen, Dagsnytt, Kulturnytt, Nitimen, Barnetimen, NRK Super, NRK P3, NRK.nyheter.no og ved sju distriktskontor. Også fleire aviser og nettstader har tilsett tidlegare nynorskpraktikantar.

Vi er godt nøgde med at så mange av dei vi lærer opp blir journalistar. Det er det vi har i oppgåve å levere. Vi fekk raskt eit godt omdøme som lærestad, etter lære-det-med-å-gjere-det-metoden. Men vi slit framleis med å nå skikkeleg ut til heile landet med tilbodet. Til denne tid har vi knapt hatt søkjarar frå Oppland og Agder-fylka, trass i både utlysingar og medieomtale i området.




*Det åttande kullet med nynorskpraktikantar ved Nynorsk mediesenter: Elin Thingvoll Berge, Eivor Brandseth, Roger Sevrin Bruland, Marit Holmquist Fenne og Olav Arne Nedrelid.*
*(Foto: Nynorsk mediesenter.)*

Det er NRK som driv senteret i Førde, som har tre tilsette. Søknadsfristen for haustkullet er 15.april og for vårkullet 15.oktober Nynorskpraktikantane får opplæring i radio, fjernsyn og Internett, og praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Til slutt har dei to månaders praksis i andre redaksjonar, i og utanfor NRK. Dei har løn i dei seks månadane praktikanttida varer, men korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etterpå.

Frå nyttår 2008 oppretta NRK ei eiga praktikantordning for fleirkulturelle – NRK FlerRE – etter modell av Nynorsk mediesenter. Dei held til i Oslo. Vi samarbeider med NRK FleRE, og håpar at fleirkulturelle som har vakse opp i nynorskområda, vil søkje seg til oss i Førde. Det hadde vore kjekt å bryte ned fordommane om at dei ikkje meistrar nynorsk og samstundes medverka til ei meir fargerik medieverd.

